


KOMMUNEPLAN FOR SKJÅK

2011 - 20



KOMMUNEPLAN FOR SKJÅK 2011 - 2020

1. Skjåbygda mot år 2020 - Mål for utviklinga.

1.1. Visjon	side	5
1.2. Slagord	”	5
1.3. Fokusområder og mål for desse	”	5
1.4. Strategiar	”	6
1.5. Moglegheiter og utfordringar	”	7

2. Kommunen som utviklingsaktør og tenesteprodusent.

2.1 Samfunnsutvikling - kommunen som utviklingsaktør	”	8
2.1.1 Ungdomspolitik	”	8
2.1.2 Næringspolitikk	”	8
2.1.3 Kulturpolitikk	”	11
2.1.4 Idretts- og friluftslivspolitik	”	12
2.1.5 Kulturminnepolitikk	”	13
2.1.6 Beredskapspolitik	”	13
2.1.7 Informasjons- og marknadsføringspolitikk (Profilering)	”	14
2.1.8 Areal, miljø og ressursforvaltning	”	15
2.1.9 Regionalpolitikk - kommunesamarbeid	”	17

2.2 Tenesteyting - kommunen som tenesteprodusent

2.2.1 Barn og helse	”	18
2.2.2 Skule og barnehagar	”	19
2.2.3 Pleie og omsorg	”	21
2.2.4 Kultur	”	22
2.2.5 Teknisk drift	”	24
2.2.6 Næring	”	24
2.2.7 Legeteneste	”	25
2.2.8 Energi	”	25

2.3 Leiings- og støttefunksjonar

2.3.1 Politisk og administrativ leiing	”	26
2.3.2 Støttefunksjon Plan, samfunn og miljø	”	27
2.3.3 Støttefunksjon Personale, kompetanse og utvikling	”	27
2.3.4 Støttefunksjon Økonomi og løn	”	28

3. Arealdelen

Forord

Kommuneplanen er den overordna og langsiktige planen i kommunens plansystem, som skal sjå kommunens oppgåver og ansvarsområde i samanheng. Den skal gje føringar for kvar kommunen skal sette inn ressursar i form av arbeidskraft og økonomi, kva for tenester kommunen skal tilby innbyggjarane og nivået på desse tenestene. Den skal vidare vise bruk og vern av areal. *Samfunnsdelen* av kommuneplanen (vedtatt 2006) fortel om mål og utfordringar kommunen står overfor. *Arealdelen* fortel gjennom kart korleis ein skal gjera arealinngrep for å nå måla, og kva for areal som skal nyttast som i dag.

Kommuneplanen skal være et reiskap for dei folkevalde, som skal gje grunnlag for styring av utviklinga også over eit lengre tidsperspektiv. Den skal fastlegge rammer for detaljplanlegginga og for enkeltvedtak.

Kommuneplanen skal gje innbyggjarane, næringsliv og organisasjonar moglegheit for medverknad i kommunens prioriteringar og dermed moglegheit til å påverke utviklinga i kommunen.

For å leie utarbeiding av ny kommuneplan vedtok formannskapet å oppnevne ei plangruppe som skulle bestå av representantar frå dei 3 partia og frå administrasjonen.

Plangruppa har vore:

- Rolv Kristen Øygard (SP)
- Astrid Gjertsen (BL)
- Tor Jevnheim (AP)
- Jan Rune Fagermoen (rådmann)
- Ivar Brandsarbakken (adm)
- Per Dagsgard

Arbeidet starta opp med utarbeiding av *Planprogram* som kommunestyret godkjente 30.09.2010.

Parallelt med dette arbeidet vart det utarbeidd ei *Strategisk utviklingsanalyse* der det vart lagt ned store ressursar og køyrt ei brei prosess.

I forkant av dette arbeidet var det utnemnt desse arbeidsgruppene som la grunnlaget analysa:

- Bulyst
- Folkehelse
- Bruk/vern
- Samferdsel/kommunikasjon

Formålet med analysen er å gje ei brei oversikt over arbeidsplassbehov, næringsmessige konkurransefortrinn og utviklingspotensiale i Skjåk kommune. Analysen er knytt opp mot arbeidet med kommuneplanen og er meint å skulle komplettere og fylle ut arbeidet som er og blir gjort med denne.

Analysen vart avslutta med eit kapittel der ein utforma visjon, målsettingar og satsingsområde for utviklingsarbeidet i Skjåk kommune.

Det er denne delen av analysen som er grunnlaget for kapittel 1 i kommuneplanen.

Rolv Kristen Øygard
Ordførar

INNLEIING.

I følge kommunelova § 5 og plan- og bygningslova § 11 skal kommunen ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommunen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen.

Planen skal innehalde ein langsiktig og ein kortsiktig del og bygge på dei økonomiske og ressursmessige føresetnader for gjennomføringa.

Den langsiktige delen består av mål og hovudstrategiar for:

- Skjåksamfunnet mot år 2020 – Visjon og mål for utviklinga.
- Kommunen som utviklingsaktør og tenesteprodusent
- Arealdelen – forvaltning av areal og naturressursar

Den stuttsiktige delen av kommuneplanen består av:

- Økonomiplan med handlingsprogram som inneheld eventuelle delstrategiar og tiltak som bygger på den langsiktige delen

Den langsiktige delen skal ha ein gjennomgang i kvar kommunestyreperiode, den kortsiktige delen skal rullerast kvart år i samband med budsjettbehandlinga.

I tillegg til planane ovanfor kan det lagast delplanar.

1. SKJÅKBYGDA MOT ÅR 2020- MÅL FOR UTVIKLINGA

VISJON

SKJÅK SKAL VERA EIN OPEN OG FRAMTIDSRETTE KOMMUNE MED EIGENART, KRAFT, REIN NATUR, EIT NYSKAPANDE NÆRINGS LIV OG HØG LIVSKVALITET.

FOKUSOMRÅDER



Mål for fokusområda

Vern & Bruk

2015: 30 årsverk direkte knytt til vern & bruk
2020: 50 årsverk direkte knytt til vern & bruk
2015: 800 hytter
2020: 1000 hytter
2015: Skal ha etablert ein nasjonalparkfestival el.l. årleg arrangement
2015: Nettsida www.iskjåk.no skal ha minst 1000 antal besøkande i august
2015: Skjåk skal ha minst 10 tilrettelagte fiskeplassar, 5 av desse med gapahuk og bål plass
2020: Skjåk skal ha minst 20 tilrettelagte fiskeplassar, 10 av desse med gapahuk og bål plass

Befolkning og bulyst

2015: 2400 innbyggjarar
2020: 2690 innbyggjarar
2015: 75 nye årsverk totalt
2020: 150 nye årsverk totalt
Skjåk skal liggje på topp 100 for samla suksess i NæringsNM
2015: Minst 75% av næringsdrivande i Skjåk skal gje uttrykk for at vi har eit godt fungerande næringsliv, med god samhandling og evne til nyskaping og vekst.
2020: Måltalet skal aukast til minst 90%
2015: Kommunens nettside skal ha 5 stjerner på Noreg.no sin rangering.
2020: Kommunens nettside skal ha 6 stjerner
2015: Minst 95% av unge mellom 13 og 19 år skal gje uttrykk for at Skjåk er ein god stad å bu
2015: Minst 75% av unge mellom 13 og 19 år skal gje uttrykk for at Skjåk har eit godt og variert aktivitetstilbod

Folkehelse & Forebygging

2012: Plan for folkehelse i Skjåk kommune med hovudmål: <ul style="list-style-type: none">• Flest mogleg gode leveår med best mogleg helse for alle• Redusere helseforskjellar mellom sosiale lag, etniske grupper og kjønn
2015: 50% av befolkninga skal ”røre på seg dagleg”, vaksne min 30 min. og unge min. 60 min.
2020: 80% av befolkninga skal ”røre på seg dagleg”, vaksne min 30 min. og unge min. 60 min.
2012: Fysiotek skal vera etablert
2015: Minst 200 km med merka turstiger, 100 km med veger/stiger lagt til rette for sykkelaktivitet, minst 50 km med oppkøyrde skiløyper (100 km i 2020)
2015: Pilgrimsleia mellom Dovre og Selje skal vera merka gjennom heile Skjåk kommune
Nærværet i arbeidslivet skal årleg vera høgare enn 94%

Kommunikasjon & samferdsel

2015: Fibernett skal vera utbygd heile vegen frå Grotli til Lom grense
2015: Sykkelveg frå Geirangerkrysset til Dønfoss med moglegheit for å bruke til skiløype om vinteren.
Gang- og sykkelveg langs rv 15 Dønfoss – Lom grense
2015: Minst 70% av Sentrumsplanen skal vera gjennomført
2020: 100% av Sentrumsplanen skal vera gjennomført

1.4 STRATEGIAR FOR Å NÅ MÅLA.

STRATEGI 1.

- Skape arbeidsplassar innafor bruk og vern
- Etablere møteplass for næringsdrivande
- Arbeide systematisk og målretta med omdømmebygging
- Utvikle og oppdatere kommunalt planverk

STRATEGI 2.

- Utvikle hyttekommunen Skjåk
- Auke nyskaping, nyetableringar og vidareutvikle eksisterande næringsverksemdar
- Utvikle og implementere kommunikasjonsstrategi
- Etablere eit ”kultur- og aktivitetsløft”

STRATEGI 3.

- Infrastruktur for landskapsoppleving
- Styrke gardsutviklinga
- Utvikle ein standard for næringslivet i Skjåk
- Fokusere på førebyggjande folkehelsearbeid

STRATEGI 4.

- Opplevingsbasert fiske og jakt
- Styrke Skjåk som handelsstad og reisemål
- Sette Skjåk på kartet
- Forberede framtidig folketalsauke

STRATEGI 5.

- Styrking av informasjonsløysingar
- Betre tilgangen på kapital til næringsutvikling
- Bygge sunn patriotisme – gjere skjåkveren stolt av bygda si

Strategi 6 (Folkehelse)

- Styrke oppleving av eige ansvar for å ta vare på og styrke eiga helse
- Sikre kunnskaps- og opplysningsarbeid som er nødvendig for å fremme god helse
- Arbeide for auka aktivitet blant innbyggjarane som ikkje er aktive frå før
- Styrke oppleving av å høye til og halde saman i nærmiljøet
- Utnytte enkeltindivid og fellesskapet sine ressursar på best mogleg måte
- Sosial inkludering
- Sosial utjamning

1.5 MOGLEGHEITER OG UTFORDRINGAR

Skjåk kommune er med sine 2079 km² den neste største kommunen i Oppland og langt på veg like stor som Vestfold fylke. Kommunen har mange naturgjevne føresetnadar som storslagen natur, lite forureining i jord, luft og vatn, mange vatn, elvar, dalar og fjell. Dette gjev grunnlag for gode landbruksprodukt, energiproduksjon, hausting og rekreasjon i form av jakt, fiske og friluftsliv.

- Fordeler med store verneområder
- Ein grunneigar for over 90% av utmarka
- Utnytte fordeler med tørt klima med serleg fokus på forventa klimaendringar i Norge
- Ungdom er positivt innstilt til heimbygda – sterk lokal identitet
- Stabil arbeidskraft
- Stort industrimiljø i forhold til andre kommunen i regionen
- Billig strøm
- God kompetanse på visse industriområder, innan primærnæringa og lokal mat, gammal byggetradisjon og utmarksforvaltning
- God kapitalinngang gjennom kommunalt næringsfond, innovasjon Norge og lokal bank
- Lett tilgang både til aust- og vestland, forventa auka trafikk som følgje av Kvivsvegen

Utfordringane for Skjåk er likevel mange:

- sikre sysselsettinga og leggje grunnlag for framtidige arbeidsplassar
- få innbyggjarar i forhold til areal, grisgrendt befolkning
- befolkning med skeiv aldersfordeling – mange eldre i høve til unge.
- langt frå vekstsentra
- stort press og krav til omstillingar i primærnæringane
- store areal av kommunen er verna
- endringar i kulturlandskapet, attgroing
- større statlege krav til kommunen som tenesteytar på alle områder
- større krav til kompetanse og kvalitet på dei fleste områder
- kommunen har store kraftressursar, og desse må forvaltast på best mogleg måte

2. KOMMUNEN SOM UTVIKLINGSAKTØR OG TENESTEPRODUSENT.

Krava og utfordringane som kommunesektoren står overfor i dag er mange og samansette. Kommunen har ansvar for å produsere store og sentrale velferdstenester innanfor dei økonomiske, juridiske og faglege rammene som staten til kvar tid set. Men i tillegg vil kommunen ha ansvar for utvikling av lokalsamfunnet gjennom nærings- og kulturlivet for å motverke fråflytting, og sikre økonomisk bærekraft.

Skjåk kommune vil i planperioden både ha fokus på å utvikle tenester av god kvalitet og leggje til rette for næringsutvikling og forsvarleg forvaltning av naturressursane.

Skjåk kommune skal opplevast som ei god kommune å bu i, og ei kommune som er attraktiv for folk å flytte til.

2.1. SAMFUNNSUTVIKLING – KOMMUNEN SOM UTVIKLINGSAKTØR.

2.1.1. UNGDOMSPOLITIKK

Skjåk treng ein samla ungdomspolitik. Ungdommen er framtida, og derfor er ungdomspolitik noko av det viktigaste for kommunen å arbeide med.

Utfordringa er å ta godt vare på ungdommen i skulealderen og få flest mogleg unge til å etablere seg i Skjåk seinare.

Mål.

Skjåk skal vera ein attraktiv kommune for ungdom å bu og etablere seg i.

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- arbeide for å halde på vidaregåande skule i Lom
- tilretteleggje for at ungdomsrådet er levedyktig og blir ein interessant arena.
- tilretteleggje for samspel med frivillige lag og organisasjonar
- oppretthalde eit godt utbygd kulturskulenivå
- prioritere bruken av sentralidrettsanlegget i Bismo og anlegga i Botn
- stimulere til oppretting av møteplassar, særleg for ungdom utan andre tilbod.
- leggje til rette for å skape arbeidsplassar slik at unge kan flytte heim att etter endt utdanning.

2.1.2. NÆRINGSPOLITIKK

Arbeidsplassar er den faktoren som ligg i botnen for å skape inntekter for kommunen og andre i lokalsamfunnet, og som i tillegg er vesentleg for å skaffe folk flest tilfredstillande økonomisk tryggleik og sosial velferd. Å medverke til etablering og utvikling av framtidsetta arbeidsplassar er ei stor utfordring. Framover er det viktig å byggje vidare på det framtidsetta som er i dagens næringsliv lokalt og samordne det med utviklingstrendar som ein kan sjå er viktig i samfunnet. Derfor ser kommunen for seg at landbruk, industri og reiseliv inkl. naturbaserte opplevingar skal vere prioriterte næringer i det kommunale tiltaksarbeidet. Sektoren privat tenesteyting er i positiv utvikling og der har kommunen vore med som samarbeidspart i utviklinga. Denne er vi svært interessert i å vidareutvikle.

Næringslivet i Skjåk er basert på landbruk, industri og tenesteyting. Reiselivet er høgt prioritert i næringsplanen for Skjåk og er i utvikling og vekst. Sektoren tenesteyting er i stor grad offentlege arbeidsplassar, men private har kome til dei siste åra. Desse tre sektorane er om lag like i sysselsetting. Dei er i stor grad avhengige av statlege overføringar, noko som gjer dei sårbare for endringar i statlege prioriteringar. I tillegg vil dei vere avhengige av internasjonale trendar og utviklingstrekk.

Skjåk kommune ser på næringshagane som viktige samarbeidspartnarar.

Landbruket er mest basert på jordbruk, men skogbruket er også viktig både for gardar i bygda, Skjåk Almenning og foredlingsindustrien. Strukturen er kjenneteikna av små driftseiningar når det gjeld areal og mjølkekvoter. Omfanget av jordbruksavtala er relativt sett redusert frå år til år, og det fører til minskt inntekt for brukarane. I tillegg stiller nye generasjonar strengare krav både til ferie/fritid og inntekt enn foreldra. Dei yngre kan lettare enn før velge bort garden til fordel for eit anna interessant yrke. Slik sett har gardbrukarane i Skjåk dei siste åra utvikla meir stordrift både innan gris (Aura Gris) og store samdrifter i mjølkeproduksjonen. Dette har sin bakgrunn i økonomiske rammer lagt av Stortinget/regjering og internasjonale avtaler. Samdrifter går nå delvis over til kvoteleige og dermed større produksjon på enkeltbruk. Dette krev store investeringar, men da kan utøvarane nytte seg av effektiv drift og kanskje få frigjort tid som dei kan nytte i andre yrker/områder dei ynskjer å utvikle. Skogbruket har gjennomgåande låg lønsemd i både primærproduksjonen og foredling, men hogstmaskiner har ført til vesentleg effektivitetsauke. Det gjer at aktørar i tillegg satsar på utvikling av utmarksnæring med tilbod til dei som vil komme hit i ferie og fritid.

Industrien har sterkt fotfeste i Skjåk og utgjer mange arbeidsplassar. Det er ei god blanding av vel etablert industri og relativt yngre bedrifter. Industrien har dels eit innovativt tilsnitt som det er viktig å utvikle og stimulere. Industri som har eit miljøperspektiv står sterkare i framtida. Kommune, lokal bank og Innovasjon Noreg har lange tradisjonar for i fellesskap å utvikle næringslivet i Skjåk. Kommunen ser for seg også framover å vere ein viktig aktør, men opplever at næringslivet legg like stor vekt på at kommunen kan vere god på infrastruktur og tilrettelegging som innan direkte økonomisk støtte. I framtida kan kommunen i større grad måtte krevje omstilling av bedrifter som ber kommunen om økonomisk hjelp. Dette er grunngeve med at næringslivet er i stadig omstilling slik som resten av samfunnet, og derfor må ha leiing og satsing som er mest mogleg framtidsretta. Kommunen har avgrensa faglege ressursar til direkte økonomisk hjelp i enkeltbedrifter fordi arbeidsoppgåvene for det meste ligg på eit anna plan. Kommunen er 1. linjeteneste, men vi nyttar ressursane i nettverk for sterkare fagleg hjelp i bedriftene der det er ønskeleg.

Reiselivet er ei næring i vekst, og med den geografiske plasseringa Skjåk har, ligg det eit utviklingspotensiale her. Vernet med nasjonalparkane og nærleiken til populære destinasjonsmål på Vestlandet, gjer at Skjåk må ha sterkare fokus på utvikling innan reiseliv. Trenden er at folk nyttar ein stadig større del av inntekta på ferie og fritid. Reiselivsnæringa må ha hovudansvaret for ei positiv utvikling. Det er ei utfordring å få til eit godt samarbeid med reiselivsnæringa både lokalt i Ottadalen og mot kommunane vest for fjellet.

Næringsfondet er eit svært viktig verktøy i næringsutviklinga, og det er viktig med fornuftig bruk. Vedtektene og utfyllande reglar for fondet må til kvar tid vere tilpassa tida vi er inne i.

Kommunen skal vera ein aktiv støttespelar og vere til hjelp for alle som ynskjer å utvikle seg eller si bedrift. Det er viktig at kommunen spelar på lag med desse og stimulerer gjennom direkte hjelp eller nettverket som den kommunale organisasjonen rår over.

Mål.

Gjennom plan og tiltaksarbeid skal Skjåk kommune leggje til rette for å styrke breidda og den langsiktige lønsemnda til næringslivet i kommunen. Lønnsame arbeidsplassar er ein svært viktig suksessfaktor for å halde oppe folketalet på sikt. Landbruk, industri, reiseliv og privat tenesteyting skal vere prioriterte satsingsområde i det kommunale tiltaksarbeidet. Skjåk skal vere bygda som støtter gryndaren og er ein part for eksisterande næringsliv i utvikling av framtidretta satsing. Samarbeid med nabokommunar er viktig. Kommuneplanen er ambisiøs med målsetting om vesentleg auke i tal arbeidsplassar i kommunen.

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- til kvar tid ha ein oppdatert næringsplan og oppdatert regelverk for bruken av næringsfondet.
- satse på at breiband skal dekke den busette del av bygda og dei største hytteområda.
- arbeide for å høgare standard på samferdselsårene både aust og vestover. Serleg bør riksveg 15 gjennom Ottadalen prioriterast med auka vegbreidde/vegstandard og gang og sykkelveg.
- Arbeide for eit eventuelt bedriftsforum i Skjåk for nærings samarbeid og kompetansehøgding.
- oppretthalde og vidareutvikle studiesenteret i Bismo. Gjennom regionrådet arbeide for utvikling av desentraliserte utdanningstilbod innan Nord-Gudbrandsdalen og støtte opp om kompetansehøgding i lokalt næringsliv.
- vidareutvikle det næringspolitiske samarbeidet med nabokommunar både i aust og vest.
- orientere seg om og delta i nettverk av ”utkantregionar” innanfor Fjellregionsamarbeidet.
- arbeide for ei rovdyrforvaltning på lokalsamfunnet sine premisser.
- støtte opp om utvikling av lokale mattradisjonar og det er viktig at desse blir presentert lokalt i ulike høve.
- omtale beitebruk i husdyrhaldet i eigen beitebruksplan og kulturlandskapet må skjøttast mellom anna ved hjelp av beiting i utmarka. Beiting på innmark er også eit viktig element i kulturlandskapet.
- Stimulere til å samkøyre kompetansmiljø som finst innanfor jordbruksproduksjon og matforedling for å utvikle moglege synergjar – særleg med tanke på opplegg for kvalitetssikring av småskalaproduksjon
- bidra til nytenking innan reiselivet, særleg basert på ekte opplevingar knytt til natur og kultur som t.d. vatning, jakt- og fangst, oppleving og handverk.
- nytte moglegheitene dei store verna områda innanfor kommunegrensa gjev oss
- støtte opp om næringsutvikling innan landbruket som er retta mot reiselivet, både på gardsbruka, setrene og utmarka.
- leggje til rette for framtidig industrisatsing i eller i nærleiken av industriområdet i Bismo. Dette for å dra nytte av felles infrastruktur og for å at industrien skal kunne

hente gevinstar frå klyngeorganisering. Skjåk kommune må derfor skaffe høvelege industritomter, men desse vil sannsynlegvis bli i litt avstand frå Bismo.

- vurdere å byggje industrilokale når dette støtte opp om utvikling av verksemder
- leggje til rette for hyttebygging der dette er forsvarleg ut frå miljø og andre interesser. Arbeide for å få positive langtidseffektar av slik satsing.
- Arbeide for gang- og sykkelveg innåt barneskulane.

2.1.3. KULTURPOLITIKK.

Kultur er sjølv bærebejelken for identitet og oppleving av å høyre til i eit lokalsamfunn. Det er viktig å ta vare på lokal eigenart, men samstundes vera open for nye impulsar slik Skjåk har lang tradisjon for.

Det ligg eit stort potensiale for nytting av kultur i næring.

Statleg nedprioritering av infrastruktur i utkantane er ei stor utfordring også for kulturlivet. Utvikling av kulturytringar kan vera verkemiddel for å skape attraktive miljø. Skjåk er ei kommune langt frå dei store befolkningsentra i landet, og dei demografiske forholda i kommunen er ei utfordring. Vi må nytte moglegheitene i kulturen sine mange ytringsformer for å skape eit så attraktivt lokalsamfunn som mogleg.

Det er ei utfordring å leggje opp ein kulturpolitikk som gjev mest mogleg ringverknader ut ifrå dei ressursane ein har til rådvelde

Mål:

Skjåk kommune skal, med ei open og framtidsretta innstilling til omverda, føre ein kulturpolitikk som utviklar både den materielle (kulturlandskap og fysiske kulturminne) og immaterielle eigenarten til bygdesamfunnet slik at innbyggjarane får høve til å bruke evnene sine og til å delta på alle område av samfunnslivet.

Kommunen skal medverke til å skape trivsel for alle som bur i Skjåk. Kulturpolitikken skal derfor så langt råd er leggje til rette for at alle får høve til å utfalde evnene og interessene sine gjennom meningsfulle kulturaktivitetar. Kommunen skal særleg leggje vekt på aktivitetar for barn og unge.

Kulturpolitikken skal medverke til å utvikle Skjåk som eit levande lokalsamfunn. Den lokale kulturen skal bli teken vare på og stadig fornya på grunnlag av impulsar utanfrå.

For å nå måla som til kvar tid er vedtekne, er det viktig at kommunen har ei kulturavdeling som ein sentral del av den kommunale verksemda. Dette er serleg viktig i ei tid med aukande behov for fritidsaktivitetar.

Kommunen skal vere ein pådrivar og støttespelar ut ifrå dei politiske prioriteringane som blir lagde til grunn.

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- sørge for at kommunen til kvar tid har ei kulturavdeling – ei ”adresse” for kultur i kommunen.
- leggje til rette for eit sterkt og livskraftig bygdesenter i Bismo som kan tilfredsstille dei krav til kulturell ytring og omgjeve som nye generasjonar ser som ei sjølvfølgje for at dei skal vurdere å busette seg her.
- arbeide for å utnytte potensialet som ligg i området Dønfoss for reiselivsutvikling/bruk til kulturytring bl.a. i tilknytning til Øyberget Besøkssenter.
- utvikle, dra til seg og støtte opp under tiltak – utvikling av kultur i næring.
- støtte opp under kulturelle tiltak der folk bur.
- bruke dei økonomiske ressursane som er til rådvelde som ein stimulans til å fremja det friviljuge kulturlivet
- Sjå dei samla ressursane på kultur i samanheng for å utnytte ressursane best mogeleg.
- oppretthalde eit godt utbygd kulturskuletilbod
- sikre eit moderne og kvalitetsmessig godt bibliotek som ressurscenter for innbyggjarar, tilreisande og ikkje minst elevar og studentar.
- samarbeide med andre kommunar om kulturarbeidet i regionen når dette er formålstenleg

2.1.4. IDRETTS- OG FRILUFTSLIVSPOLITIKK.

Etter krav frå kulturdepartementet skal alle prosjekt som det skal søkjast tilskott til inngå i ein kommunedelplan for fysisk aktivitet og naturoppleving.

Kommunar og foreiningar som ikkje har næring til formål kan søkje om tilskot av spelemidlar til bygg og anlegg. Desse midla har vore avgjerande for oppretting av dei mange store anlegga i Skjåk.

Samfunnet er i endring. Idretts- og friluftsliv krev stadig betre fasilitetar til sine aktivitetar, samstundes som ei satsing på fysisk aktivitet som helse og sosialt førebyggjande tiltak blir meir aktuelt.

Fysisk aktivitet blir gruppert som idrett og sport, fysisk aktivitet og mosjon, friluftsliv og leik. Anlegga blir gruppert som nærmiljøanlegg, kommuneanlegg, regionale anlegg, nasjonale anlegg, idrettsparkar, helsesportsanlegg og friluftsanlegg.

Anleggssituasjonen i Skjåk er god.

Aktivitetsbehova er forskjellig med tanke på alder, kjønn, funksjonsdyktigheit osv., og det er derfor viktig å vera bevisst på dette i prioriteringane.

Idretts- og friluftsliv skal vera ein viktig del av det arbeidet Skjåk kommune driv for å skape ei positiv utvikling, ein stad å høyre til og ein triveleg kommune å bu i.

Mål.

Skjåk kommune skal vere med å leggje forholda best mogleg til rette for at innbyggjarane skal ha gode tilhøve for å drive med idretts- og friluftaktivitetar

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- til kvar tid ha ein oppdatert kommunedelplan for fysisk aktivitet og naturoppleving
- støtte fysisk aktivitet for å fremje helsa til alle i bygdesamfunnet. Dette skal vera det bærande elementet for vidare anleggsutbygging
- utvikle aktivitetar i nærområda der folk bur.
- leggje vekt på å halde vedlike dei anlegg som er bygde, og sikre ei forsvarleg drift av desse.
- sikre at alle grupper i samfunnet får rimeleg tilgjenge til anlegg og aktivitetar.
- sikre gode tilhøve for friluftslivet. Særleg viktig med godt merka løyper og stiger.
- leggje til rette for idrett, fysisk aktivitet, leik og friluftsliv samordna med anna verksemd og uorganisert fysisk aktivitet, og for ei planlagt og målstyrt utnytting, utbygging og drift av anlegg.
- vidareutvikling av Sentralidrettsanlegget i Bismo og i friluftsanlegga i Botn.
- stimulere eldsjeler og ivareta dugnadsånda i Skjåk
- arbeide for å auke opningstida i symjehallen

2.1.5. KULTURMINNEPOLITIKK.

Kommunen skal ha auga for å ta vare på både materielle og immaterielle kulturminne. Riving / sal av eldre verneverdige bygningar og behandling av rivesaker for desse har vore konfliktfylt da kommunen ynskjer å ha desse som eit landskapselement.

Det er oppdaga skade på automatisk freda kulturminne (bl.a. elg/reinsgraver)

Det kan vara ynskjeleg å få til ein lokalitet for lagring evt. framsyning av gjenstandar - presentasjon av kulturminne og kulturminneytringar og eit kulturelt senter””tun”

Mål.

Skjåk kommune skal vere med å skape heimstadkjensle for innbyggjarane i Skjåk kommune

Vi skal styrke reiseliv og landbruk ved ymse tiltak og arbeide fram næringsskaping med bakgrunn i kulturminnevernet

Hovudstrategiar.

Skjåk kommune skal:

- til kvar tid ha ein oppdatert kulturminnevernplan
- ta vare på den gamle vatningskulturen, jakt – og fangsttradisjonane og handverkstradisjonane

2.1.6. BEREDSKAPSPOLITIKK.

Kommunen har utarbeidd overordna beredskapsplan i 2010 etter ”Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret”.

Det er utført ei risiko og sårbarheitsanalyse saman med Lom kommune i 2010..

Det blir halde regelmessige kriseøvingar i kommunen. Regionplan for samfunnssikkerheit og beredskap for Oppland 2010-2013 blir lagt til grunn i beredskapsarbeidet i kommunen.

Mål.

Kommunen skal framstå som ein trygg og sikker kommune med omsyn til førebygging av ulykker og katastrofar.

Hovudstrategiar.

Skjåk kommune skal:

- ha overordna beredskapsplan og plan for kommunal kriseleiing som til kvar tid er oppdatert slik at kommunen kan takle aktuelle krisesituasjonar.
- ha oppdaterte sårbarheitsanalysar
- utarbeide nødvendige beredskapsplanar
- gjennomføre øvingar
- Ved all kommunal arealplanlegging skal ras, flom m.v. vurderast
- Drive aktivt førebyggjande arbeide, serleg med fokus på klimaendringar, jf. NOU 2010:10. I dette arbeidet skal det settast fokus på bl.a.:
 - Kartlegging av flomfare av sidevassdrag og større bekker
 - Fokus på ras og flomfare ved bygging av skogsveggar
 - Gode rutinar for overvaking av flomverk

2.1.7. INFORMASJON - OG MARKNADSFØRINGSPOLITIKK.

Informasjon og profilering eller omdøme, heng tett saman. Kravet om informasjon aukar og nye informasjonskanalar set større krav til dei som informerer. God og lett forståeleg informasjon er avgjerande for å nå fram til flest mogleg.

Den informasjonen brukarar på ein eller annan måte får direkte frå tilsette i Skjåk kommune, er den viktigaste delen av informasjonsarbeidet. Skjåk kommune driv i dag også direkteinformasjon gjennom nettsidene skjaak.kommune.no og gjennom kommunale informasjonssider i Fjuken. Annan informasjon kan vere den som kjem fram i aviser eller radio gjennom reportasjar eller annonser, samt diverse utsendingar frå kommunen, t.d. brosjyrar.

Det er viktig at alt som blir sendt ut av informasjon frå Skjåk kommune er godt gjennomtenkt og lett forståeleg. Det er også viktig å gjere så mykje informasjon som mogleg tilgjengeleg og la brukarane på ein enkel måte sile ut det dei treng. Dette vil vere med på å forme eit godt inntrykk og eit godt omdøme både for kommunen og for Skjåk generelt.

Mål:

Skjåk kommune skal til kvar til halde innbyggjarane og omverda informert om verksemda si. Informasjonen skal utformast med tanke på at ein gjennom denne er med på å bygge opp omdømet til bygda.

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal :

- utarbeide ein plan for informasjonspolitik for kommunen
- gjere alle tilsette og politikarar bevisste på deira rolle som ”ambassadørar” for kommunen og bygda generelt
- utarbeide ein felles profileringspolitikk for kommunen, ein strategisk og ein visuell profil som alle tilsette skal gjere seg kjend med og som skal gjennomsyre all informasjon som kjem frå alle sektorar
- byggje vidare på skjaak.kommune.no som ein brei og enkel informasjonskanal til ei stor brukargruppe
- ha eit samarbeid med næringslivet; spesielt reiselivet og handelsnæringa om marknadsføring av Skjåk

2.1.8. AREAL, MILJØ OG RESSURSFORVALTNING

Det er stor utfordring å få til ei arealplanlegging som skapar trivsel, tryggleik og god framkommeleg heit samstundes som miljø og ressursinteressene blir ivareteke. Serleg viktig vil dette bli når store deler av kommunen er i ferd med å bli verna.

Dei siste 35 åra har Bismo-området vore utsett for stort byggjepress som ser ut til å vare ved. Dette skapar store krav til langsiktig planlegging i dette området samtidig er det viktig å oppretthalde busetnad i utkantane for dei som ynskjer det.

Det er i dag nesten 700 hytter/fritidshus i Skjåk. Hovudmengda ligg i Billingsdalen med dei store hyttefelta i Groli og Breidablikk. Skjåk almenning har laga reguleringsplan med fortetting ved Liavatn og utbygging er på gang. Vidare er det laga reguleringsplan for Billingen hyttegrend som er godkjent men ikkje utbygd. Ved hotellområdet i Grotli har Grotli utvikling godkjent reguleringsplan med 75 hytteiningar, her er 5 tomter utbygde.

Det viser seg at det største hyttemarknaden er på Vestlandet og av den grunn er etterspørselen størst i Billingsdalen.

For å få realisert hyttebygging er det svært viktig å få avklara beiteinteressene. Gjennom ein framtidretta beitebruksplan kan ulike løysingar finnast/utviklast.

Landbruket er inne i ei omvelting og bruk blir selde som tilleggsjord. Det blir da aktuelt å dele frå tunet til bustad eller fritidshus.

Framtidig fritidshus bør baserast på høg standard da det viser seg at det er dette folk etterspør. Kommunen slepp da også problem med at eigarane tek seg til rette med ulovelege utslepp m.v.

Kommunen har 3 bustadområde, Aurmo, Bismo og Uppnose. Erfaring viser at dei fleste ynskjer å busette seg i Bismo-området. I samband med Dønfossprosjektet er det lansert eit område ved Dønfoss for framtidige bustadtomter. I Uppnose har det ikkje vore selt tomter som er bygd på sidan 1986.

Mål:

Skjåk kommune skal arbeide for at areala i kommunen blir forvalta slik at fornyingsevnene til naturmiljø og ressursar saman med naturens estetiske kvalitetar, blir haldne ved like på eit høgt nivå. Dette inneber mellom anna at mangfaldet av økosystem, biotopar og artar som finst innanfor kommunen skal bli teke vare på.

Kommunen skal ha tilbod om bustadtomter i Aurmo, Bismo og Dønfossområde. I eit framtidsperspektiv ynskjer ein å arbeide for sentrumsnære tomter i Lundagrend.

Ved vidare utbygging av fritidshus skal verdifulle naturområde og god byggjeskikk takast vare på. Utbygginga skal skje i samråd med landbruks, natur og friluftinteressene.

Hovedstrategiar:**Jordvern, kulturlandskap, utmark og verneområde**

Skjåk kommune skal:

- saman med overordna myndigheiter, grunneigarar, interesseorganisasjonar og grannekommunar, utarbeide modellar for lokal forvaltning av utmark.
- saman med grunneigarar og andre råka partar utvikle utmarkspolitikk som forliker bruk og vern, for på den måten å opne for og føre vidare varsam næringsutvikling i utmarksområde. (Hyttebygging, jakt og fiske, beite, hogst, rafting, naturopplevingar, rekreasjon, naturvitskapleg studieverksemd for lek og lærd, osv.)
- halde seg oppdatert om verneforvaltinga innanfor Fjellregionen og arbeide for lokal forvaltning.
- gå imot å omdisponere dyrka mark til utbyggingsføremål der det finst alternative løysingar. Det same gjeld dyrkbar jord og høgproduktiv skogsmark. Kommunen skal vere særleg restriktiv ved utlegging av dyrka eller dyrkbare område til bustadbygging I Bismo-området kan det vera aktuelt å lempe på denne haldninga.
- ta vare på kulturlandskapet og kulturminna . Arbeide aktivt mot attgroing av kulturlandskapet. Saman med dei andre kommunane i Ottadalen skal vi oppmode Statens Vegvesen og grunneigarar til rydding og skjøtsel av kantvegetasjon langs Riksveg 15
- hjelpe til med å skaffe midlar til vedlikehald og skjøtsel av kulturlandskapet. Seterområda er særleg viktige i så måte.
- arbeide for tilrettelegging av små kraftverk der dette er forsvarleg ut frå miljø og økonomi

Tettstadutvikling

Skjåk kommune skal:

- revidere reguleringsplanen og sentrumsplan for Bismo med tanke på fortetting og meir effektiv arealbruk både i bustadområde og industriområde. Innarbeide nye bustadområde. Arbeide for å få til fjernvarmeanlegg i Bismo og plan for bruk av friareal i Gamleheimstredet.
- utarbeide plan og retningslinjer for skjøtsel av kommunale friområde
- prioritere gang og sykkelvegar.
- utarbeide ein kommunedelplan for Dønnefoss området der trafikkløysingar og næringstiltak som finst i området blir sett i samanheng. Innarbeide areal til vidare utbygging av service, reiselivsverksemder, hytte og bustadbygging i området. Arbeide for gateljos ved Dønnefoss. Besøkssenteret ved Øyberget kraftverk skal nyttast til å profilere bygda

- saman med aktuelle partnerar som Skjåk Almenning, Vannkraft Øst og andre vurdere å leggje til rette for eit merka nett av turstigar i kommunen
- revidere hovudplaner for avløp og vassforsyning, særleg med tanke på å få til stordriftsfordelar, enklare drift og løyse ut evt. nye byggeområder
- leggje til rette for gode møteplassar

j

Bustadbygging

Skjåk kommune skal:

- til kvar tid ha byggjeklare bustadtomter i Aurmo, Bismo og Dønfoss/Uppnose.
- gjennom arealdel til kommuneplanen leggje til rette for spreidd bustadbygging der dette kan skje utan å koma i konflikt med landbruks-, natur og friluftinteresser, forureining, rameplan for avkjørsler og kulturlandskapet.
- arbeide for etablering av kombinert hytte/bustadområde ved Dønfoss
- leggje til rette for nokre større tomter i spreiddbygd område for dei som ynskjer det.

Hytter og fritidshus

Skjåk kommune skal:

- vurdere ynskemål frå grunneigarinteresser om utlegging av nye hyttefelt/hyttetomter i samband med revisjon av kommuneplanen. Framtidige høgstandard hytteområder i Skjåk almenning blir kanalisert til Billingsdalen, Dønfoss og Aurmo. Andre stader kan det akseptrast mindre hyttefelt basert på ein enkel standard.
- arbeide aktivt for at breiband blir gjort tilgjengeleg i hyttefelta. Grotli området har høgast prioritet.
- leggje til rette for at hyttefolket kan bli tettare inkludert i bygdesamfunnet

2.1.9. REGIONALPOLITIKK – KOMMUNESAMARBEID – KOMMUNESTRUKTUR.

Skjåk kommune har eit aktivt samarbeid med dei andre Norddalskommunane gjennom Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal og ulike samarbeidsformer med Lom. Oppland fylkeskommune er detakar og bidragsytar i det regionale samarbeidet. Utfordringane er å henta ut samarbeidsgevinstane ved å gjera samarbeidet meir forpliktande men samstundes sannsynleggjera at alle kommunane vil ha fordel av eit samarbeid.

Mål :

Skjåk kommune skal vere ein aktiv pådrivar og deltakar i regional utvikling og samarbeid så lenge dette er formålstenleg..

Kommunen skal styrke samarbeidet vestover.

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- så langt det er mogeleg drive regionalt utviklingsarbeid gjennom deltaking i Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal
- vidareutvikle samarbeidet med Lom
- vurdere samarbeid med nabokommunane i vest der forholda ligg til rette for det.
- delta i regionalt utviklingsarbeid som skjer i private og offentlege interesseorganisasjonar innan næringsliv/reiseliv, kunst og kultur, idrett og liknande.
- arbeide for å utvikle datasamarbeidet i Nord-Gudbrandsdal til også å omfatte kommunal tenesteyting og andre administrative funksjonar i kommunane der det er formålstenleg.
- arbeide for at felles regionale funksjonar og oppgåver skal delast mellom dei deltakande kommunane på ein rimeleg måte. Kostnadane bør fordelast meir etter folketal
- arbeide for at Regionrådet skal påverke statlege føringar til beste for innbyggjarane i kvar enkelt kommune.

2.2. TENESTEYTING – KOMMUNEN SOM TENESTEPRODUSENT.

Utfordringa er å kunne yta best mogleg tenestar med fokus på brukarane sine eigne ynskje og behov innanfor rama av tydelege politiske mål.

I den nye organisasjonsmodellen blir det ei utfordring å utvikle servicetorget til å takle alle dei som vender seg til kommunen.

Mål:

Verksemnda skal vera:

- Kostnadseffektiv
- Realistisk ambisjonsnivå utifrå ressurstilgangen.
- Effektiv og fleksibel
- Tydeleg
- Lite sårbar
- Fagleg forsvarleg
- Servicetorget skal utviklast til å behandle opp mot 90% av henvendingar til kommunen.

2.2.1. Barn og helse

Tenesteområdet omfattar fysioterapi, helsestasjon og sosialteneste. Innafor desse hovudtenestene blir det gjeve mange deltenester som for eksempel skulehelseteneste, svangerskapskontroll, barnevern, sosialhjelp, hjelpemiddel og kurativ fysioterapi.

Tenesta inkluderar NAV.

Mål:

Innbyggjarane skal oppleve ei samordna teneste der det er lett å få den hjelp dei har behov for og rett til. Dette skal skje raskt og utan å måtte kontakte mange ulike instansar. Tenesta skal ha høg fagleg kvalitet.

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- sikre at alle som har krav på det og som ynskjer det, skal få utarbeidd individuell plan som sikrar samordna tenestetilbod.
- sørge for at alle brukarar med samansette og langvarige tenestebehov, skal ha ein kontaktperson i tenesta.
- vere positive til interkommunalt samarbeid om tenester som for eksempel gjeldsrådgjeving, husbanksaker, barnevern og arbeid med busetjing av flyktningar.
- arbeide for felles interkommunal barnevernvakt i regionen.
- ha eit godt tilbod innafor rehabilitering.
- sørge for koordinering av rehabiliteringsbehov.
- sikre at personar som fell utanfor arbeidslivet skal få hjelp og stimulering for om mogeleg kome attende i ein yrkesaktiv samanheng, gjennom aktivitetstilbod i form av for eksempel eit arbeidssenter/aktivitetssenter.
- sørge for at publikum opplever at det er låg terskel i forhold til å få rettleiing og hjelp.
- satse på hjelp til sjølvhjelp så langt det er mogleg.
- sørge for at arbeid med barn og unge blir koordinert mellom ulike tenester.
- opprette faggrupper, tverrfaglege og interkommunale der det er teneleg, mellom anna innafor barnevern og rus.
- legge stor vekt på å medverke til førebyggjande tiltak.
- bygge ut tilbodet innafor rehabilitering mellom anna gjennom styrking av fysioterapien, ergoterapeutteneste eller logopedteneste, eventuelt gjennom interkommunalt samarbeid.
- arbeide for å oppretthalde kvalitativt gode tenester så nært brukarane som råd.
- sikre samarbeide mellom tenester, ikkje minst når det gjeld førebyggjande arbeid.
- arbeide for ei forsvarleg jordmorteneste

2.2.2. Skule og barnehagar

Tenesteområdet omfattar barnehagane og skulane.

Barn og unge.

Barn og unge i Skjåk skal ha gode, trygge og stimulerande oppvekstvilkår. Føresetnaden er at det blir lagt til rette for lek og læring, og at dette skjer i trygge omgjevnader. Barna er framtida. Gjennom opplevinga av eit godt oppvekstmiljø vil dei unge få ei god heimstadjensle som gjer at dei vil kome attende til bygda seinare.

2.2.2.1 Barnehagar.

Skjåk kommune har ei god barnehagedekning i forhold til landsgjennomsnittet. Dette er i hovudsak kommunale barnehageplassar. Dei strukturendringar som skjer i barnehagesektoren i dag vil derfor ikkje i nemneverdig grad påverke etterspørselen etter plassar.

Den framtidige barnehagestrukturen vil vere avhengig av busettingsmønster, sentrumsnærleik, og vil kunne bli endra i løpet av planperioden.

Mål:

*Alle barn i alderen 1-5 år skal ha eit tilbod på heiltid eller deltid i barnehage.
Dei kommunale barnehagane skal ha ei god og kvalifisert bemanning.*

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- utarbeidet normer for mål på kvalitet i barnehagane og vidareutvikle eit kvalitetssystem som sikrar høg fokus på kvalitet i barnehagen og foreldre/brukarar si oppleving av kvalitet.
- sørge for at barnehagetilbodet skal vere eit trygt og pedagogisk tilrettelagt tilbod tilpassa den enkelte.
- sørge for at dei kommunale barnehagane skal vere spesielt tilrettelagt for ungar med særskilte behov.
- arbeide for eit best mogeleg samarbeid mellom kommunale barnehagar og private familiebarnehagar for å sikre eit best mogeleg barnehagetilbod samla sett i kommunen.
- sommaropen barnehage i minimum ein barnehage.
- sørge for at tilsette i barnehagen får best mogeleg kompetanse til å oppfylle intensjonane med og krava til innhald i barnehagen.
- sørge for leiarutvikling for å sikre gode leiarar som kan stimulere til og leie kvalitetsutvikling ved sin barnehage.
- sikre tilgang på godt kvalifisert personell, tilgang på gode hjelpemiddel og lokale.
- arbeide for å rekruttere mannlige medarbeidarar i barnehagane.
- Stimulere til sunne haldningar til kosthald og fysisk aktivitet
- leggje stor vekt på å sikre ei tydeleg brukarmedverknad i barnehagane.
- samarbeide med andre kommunar på alle områder der det kan fremje utviklinga av barnehagane i Skjåk.

2.2.2.2. Skular

Skjåk har i 2011 tre skular, to med elevar på barnetrinnet og ein på ungdomsskulenivå.

Elevtalet i grunnskulen i Skjåk vil kunne forventast å variere frå år til år, avhengig av storleiken på kull.

Innhaldet i skulen vil vere i endring i tråd med samfunnet elles. Det blir stilt nye krav til kompetansen til dei tilsette i skulane og til dei resultat skulane og elevane kan vise til.

I ei lita kommune som Skjåk, med små lærarkollegium, er det store utfordringar i å vere oppdatert på alle områder til ei kvar tid på alle skular.

Med små elevgrupper blir det og vanskeleg å gje eit så breitt og variert tilbod som det ein kunne ynskje.

Vi er mellom anna derfor avhengige av eit godt samarbeid skulane i mellom og med andre kommunar i regionen. Særleg når det gjeld kompetanseutvikling er eit regionalt samarbeid viktig for å få til gode tilbod lokalt og så rimeleg for den enkelte kommune som råd.

1.

Mål:

Skjåk skal ha ein kvalitativ god og framtidretta skule tilpassa den enkelte elev sine føresetnader.

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- ha eit godt kvalifisert og stabilt personale i grunnskulen.
- sørge for at alle elevane får ei tilpassa opplæring ut frå sine føresetnader.
- sikre at skulane skal vere prega av eit godt og inkluderande miljø der mobbing/systematisk plaging av elevar ikkje skjer.
- sørge for tydeleg brukarmedverknad i grunnskulen.
- sikre at elevar med spesielle behov får særleg tilrettelagt opplæring ut frå sine behov og føresetnader.
- arbeide for at alle elevar i Skjåk tilbod om eit leirskuleopphald i løpet av grunnskulen.
- arbeide for å sikre Vidaregåande skule i Lom, i tillegg til eit breiast mogeleg tilbod i regionen.
- sikre at ungar og ungdom gjennom grunnskulen i Skjåk blir vande med fysisk aktivitet, og at dei lærer å bruke naturen og miljøet rundt seg til aktivitet og rekreasjon på ulike måtar.
- sørge for at skulane har trivelege og tilrettelagde uteareal for elevane.
- arbeide for ei best mogeleg pedagogisk psykologisk rådgjevingsteneste i samarbeid med andre kommunar.
- sørge for at skulane samarbeidar tett med andre tenester.
- stimulere til sunne haldningar til kosthald og fysisk aktivitet
- stimulere til kompetansehøgding og etterutdanning hjå dei tilsette

2.2.3. Pleie og omsorg

Tenesta omfattar institusjonstenesta på Skjåkheimen, Skamsargjeilen bufellesskap, heimebaserte omsorgstenester og psykisk helsevern. Dette inkluderar og mellom anna vaskeri, institusjonskjøkken med matombringning til heimebuande, alarmtelefonar, støttekontaktar, personlege assistentar, omsorgsløn og omsorgsbustadar.

Det er ei stor utfordring å sikre ei kvalitativt god teneste med eit omfang som dekkjer dei behova befolkninga til ei kvar tid har.

Mål:

Skjåk kommune skal ha fleksible, kvalitativt gode, tilstrekkelege og forutsigbare tenester med stor grad av brukarmedverknad.

Hjelpetrengande skal kunne bu i eigen heim og få hjelp der så lenge brukaren ynskjer det, og det er forsvarleg.

Skjåk kommune skal ha tilstrekkeleg med tilbod for heildøgns pleie- og omsorgstenester til alle som har behov for dette.

Menneske med psykiske lidingar og personar med nedsett funksjonsevne skal få hjelp til å opparbeida helse og trivsel slik at dei kan ta aktiv del i det ordinære arbeidslivet og i samfunnet elles.

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- ha nok kapasitet både når det gjeld drift og bygningar.
- organisere tenestene slik at ein oppnår fleksibilitet og gode overgangar mellom hjelp i eigne heimar og institusjonstenester.
- organisere tenestene slik at vi får nyttiggjort den kompetansen dei tilsette har, og dei samla ressursane så effektivt som det er råd, til beste for brukarane.
- legge stor vekt på medverknad frå brukarar og pårørande.
- sikre god informasjon til innbyggjarane om tenestene.
- sikre at alle som har krav på det og som ynskjer det, skal få utarbeidd individuell plan som sikrar samordna tenestetilbod.
- sørge for at alle brukarar med samansette og langvarige tenestebehov, skal ha ein kontaktperson i tenesta.
- arbeide for at det er etablert tilstrekkeleg psykologteneste i regionen, både poliklinisk og døgnplassar for observasjon og medisinsk utgreiing.
- utarbeide og vidareutvikle internkontrollsystem som sikrar at brukarar i alle aldrar får oppfylt grunnleggjande behov og forsvarlege helsetenester. Kvalitetstanken skal gjerast gjeldande i alle ledd i tenesta.
- satse på og prioritere samarbeid med andre kommunar om kompetanse, tenester og i enkeltsaker så langt dette er råd og teneleg.
- samarbeid med andre tenester i kommunen.
- vidareutvikle og styrke samarbeidet med friviljuge og friviljugsentralen.

2.2.4. Kultur

Tenesta omfattar kulturforvaltninga, bibliotektenesta og kulturskulen.

Mål:

Kommunen skal vere ein pådrivar og støttespelar ut ifrå dei politiske prioriteringane som blir lagde til grunn.

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- sørge for at kommunen til kvar tid har ei kulturavdeling – ei ”adresse” for kultur i kommunen.
- sjå ressursbruken på kultur i samanheng for å utnytte ressursane best mogeleg.
- oppretthalde eit godt utbygd kulturskuletilbod

- sikre eit moderne og kvalitetsmessig godt bibliotek som ressurscenter for innbyggjarar, tilreisande og ikkje minst elevar og studentar.
- samarbeide med andre kommunar om kulturarbeidet i regionen.

2.2.4.1 Biblioteket

Mål:

Kommunen skal ha eit moderne bibliotek som kan tilby innbyggjarar dei tenester ein kan forvente frå eit moderne bibliotek.

Biblioteket skal vere ein informasjonsbase i kommunen.

Biblioteket skal fremje formidling av litteratur og spesielt stimulere barn og unge til å lese.

Biblioteket skal legge til rette for at innbyggjarar, tilreisande og andre interessantar får tilgang til dei lokale samlingar som blir gjort tilgjengelege for publikum.

I tilknytning til biblioteket skal studiesenteret vidareutviklast som ein ressurs for kompetansebygging i kommunen.

Det skal vere stor grad av interkommunalt samarbeid om bibliotektenester og vidareutvikling av desse tenestene.

Hovudstrategi:

Skjåk kommune skal:

- sikre god kompetanse og kompetansebygging blant dei tilsette på biblioteket.
- etablere gode rutinar for eit nært samarbeid med andre tenester i kommunen.
- vidareutvikle biblioteket som ein møteplass for dei som er engasjerte i arbeidet med lokalsamlingar, studiar og anna.
- arbeide for utvida opningstid på biblioteket

2.2.4.2 Kulturskulen

Mål:

Kommunen skal ha ein moderne og aktiv kulturskule som arbeider for å gje eit kvalitativt best mogeleg tilbod til flest mogeleg barn og unge i kommunen.

Kulturskulen skal gje barn og unge mogelegheiter til å få prøve ut og utvikle sine evner innafor kulturelle uttrykk.

Skulen skal også gje barn og unge moglegheiter til, i ulike samanhengar, å stå fram for publikum for å presentere det dei arbeider med.

Brukarmedverknad og foreldremedverknad skal vere tydeleg.

Det skal vere eit tett interkommunalt samarbeid om mellom anna kvalitetsutvikling og kompetanseutvikling.

Hovudstrategi:

Skjåk kommune skal:

- Skjåk kulturskule skal gje allsidig opplæring innan ulike kunstfaglege uttrykk
- prioritere slik at flest mogeleg får prøvd ut sine interesser og evner
- organisere opplæringa slik at flest mogeleg får høve til å delta i kulturskuleaktiviteter
- vidareutvikle eit godt samarbeid med lokalt kulturliv, næringsliv, skule og barnehage
- samarbeide med Lom og Vågå for å vidareutvikle tilbodet

2.2.5. Teknisk drift

Tenesta omfattar forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar, vegar, vatn og avløp.

Mål:

Kommunen skal løyse oppgåvene innan forvaltning, drift og vedlikehald innanfor kvalitetsmessig og kostnadseffektiv måte.

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- sikre optimal drift av kommunale bygg og anlegg både med tanke på økonomi, miljø og felles bruk. For å oppnå dette nyttast både egne tilsette og kjøp av tenester.
- sikre alle med kommunal vassforsyning vatn med tilfredsstillande mengde og kvalitet.
- sørge for at vedlikehald av kommunale bygg, tekniske anlegg og vegar skjer planmessig.

2.2.6. Næring.

Tenesta omfattar utvikling av næring inkl. landbruk, reiseliv, landbruksrelatert kultur og miljø, BU ordningar, kulturlandskap m.v.

Det er ynskjeleg å samle næringsarbeidet på eit kontor for m.a. å skape heilskapsløysingar.

Mål:

Skjåk kommune skal hjelpe til å utvikle ulike næringar og bedrifter til å bli lønsame.

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- utforme praktiske og utviklingsorienterte planar der næringslivet lokalt sjølve er med i prosessen (eigarskap), for eksempel næringsplan.
- ha gjennomførbare og realistiske planar for kvart enkelt prosjekt.
- vere ein nyttig samarbeidspart for prosjekteigar gjennom kopling mot nettverk og eigen kompetanse på næringskontoret.

- ha oversikt over økonomiske virkemiddel hjå for eksempel Innovasjon Noreg, Regionen, fylkeskommunen, fylkesmannen og KS
- vere bevisst på å legge til rette for næringslivet i forhold til infrastruktur (tomter, vegar, --)

2.2.7 Legeteneste

Tenesta omfattar legekontor, legetenester gjennom tilsette legar og avtalelegar, legevakt og samfunnsmedisinske oppgåver som smittevern og miljøretta helsevern.

Mål:

Innbyggjarane skal oppleve å ha ei stabil og god legedekning heile døgnet.

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- samarbeide tett med tenester i andre kommunar
- legge til rette for ein stabil bemanning i legetenesta
- sikre godt kvalifisert hjelpepersonell på legekantoret
- arbeide for 2 heildøgnambulansar i Lom og Skjåk
- skal ha ei forsvarleg jordmorteneste
- ha eit stort fokus på folkehelsa og innføre ”grøn resept”

2.2.8 ENERGI

Skjåk kommune er ein energikommune der utnytting av vassdragsressursane er av stor betydning. Utbygging av Øvre Otta har gjort Skjåk-namnet kjent, og blir ofte nemt som den siste store vasskraftutbygginga i Norge.

Mål:

Skjåk kommune skal arbeide for å vera ei leiande kommune innan energi og energiproduksjon både når det gjeld kompetanse, produksjon og vidareforedling av Biobrensel.

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- utnytte ressursar til ny og fornybar energi
- arbeide for å leggja til rette for bygging av småkraftverk
- saman med mellom andre Skjåk Almenning arbeide for å leggja til rette for utnytting av Bio-energi til varmeproduksjon.

- Det skal utarbeidast detaljplanar både når det gjeld småkraftverk og Bio-energi.

2.2.9 SKJÅK ENERGI

Mål:

Skjåk Energi skal drive forretningsmessig rasjonelt der dei tek på seg eit samfunnsmessig ansvar for kraftforsyninga.

Hovudstrategiar

Skjåk Energi er eit kommunalt foretak. Som eigar kan kommunen leggja føringar for verksemd som elverket må forhalde seg til ved utarbeiding av eigne handlingsprogram. Drifta blir ivareteke av eige styre. Skjåk Energi forvaltar kraftrettane til kommunen. Endeleg målformulering og strategiar vil bli sett opp når organisasjonsgjennomgangen er ferdig.

2.3. LEIINGS- OG STØTTEFUNKSJONAR.

Leiing består her av politisk leiing og administrasjonssjef med støttefunksjonar. Utfordringa er å oppnå mest mogleg effektiv utvikling og drift av kommunen sin organisasjon. Med tanke på at vi er ein liten kommune er det ei stor utfordring og ikkje vera sårbare på dei enkelte fagområda.

2.3.1. POLITISK OG ADMINISTRATIV STYRING.

Mål:

Det skal leggjast til rette for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre med rikt engasjement. Skjåk kommune skal vera heilskapleg og målstyrt kommune med felles positiv bedriftskultur.

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- yte best mogleg service og kontakt ovanfor brukarane av tenestene. Minst mogleg byråkrati skal vera ei rettesnor.
- ha politisk og administrativ styring med ein kontinuerleg prosess og utvikle denne til å bli dynamisk og fleksibel for å kunne tilpasse krav om endring og nye oppgåver.
- fremme heilheitstenking og fleksibilitet mellom faggrupper og tenestemråda. Det må vera god kommunikasjon mellom leiinga og tenestemråda.
- ha klare ansvarsgrenser og delegasjonsreglement
- utvikle eit tenleg internkontrollsystem og nytte dette i den daglege drifta
- utvikle felles bedriftskultur

2.3.2. STØTTEFUNKSJON PLAN, SAMFUNN OG MILJØ.

Mål:

Støttefunksjonen skal ivareta viktige interesser for Skjåk kommune når det gjeld samfunnsutviklinga og ressursutnyttinga i kommunen.

Overordna kommunale oppgaver som går på kommunens strategiske interesser skal prioriterast.

Ha tilsyn med korleis Skjåk kommune sine ressursar blir forvalta og sørgje for at kommunen har kompetanse og innsikt i forhold til den utvikling vi ser rundt oss, og dei krav som blir stilt for at kommunen skal kunne ivareta sine oppgaver og vere ein aktiv premissleverandør i forhold til sentrale styresmakter og i det regionale samarbeidet.

Hovedstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- vera oppdatert på dei områda støttefunksjonen har ansvaret for og at tenesteleiarane skal få nødvendig hjelp, særleg gjeld dette kraft, nasjonalparker, miljøvern, naturressursar og overordna kommunaltekniske oppgaver.
- utarbeide nødvendige overordna planer og halde desse oppdaterte.
- etablere gode samarbeidsrutiner med politiske miljø, administrasjonssjefen og tenestemråda.

2.3.3. STØTTEFUNKSJON PERSONALE, KOMPETANSE OG UTVIKLING.

Mål:

Kommunen skal vera ein serviceinnstilt og resultatorientert organisasjon.

Kommunen skal vere ein profesjonell arbeidsgjevar.

Det skal satsast planmessig på kompetansebygging i organisasjonen.

Kommunen skal ha eit moderne og godt funksjonelt IT- system som sikrar innbyggjarar god service og informasjon, og som gjev arbeidstakarane gode arbeidsvilkår.

Kommunen skal vere ein profesjonell og tydeleg barnehage- og skuleeigar.

Det skal vere etablert tett interkommunalt samarbeid når det gjeld It, personal-, kompetanse- og skulefagleg-utviklingsarbeid.

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- skape handlingsrom og fridom for arbeidstakarane slik at kompetansen og utviklingspotensialet til den enkelte blir nytta.

- sjå på moglegheit for kompetansebygging i eigen organisasjon som supplement til/alternativ til ekstern rekruttering.
- byggje opp leiarkompetansen i eigen organisasjon
- arbeide for å finne fram til gode strategiar for å rekruttere kompetent personell utanfrå.
- jobbe aktivt og kontinuerleg for å bli ein rettferdig, og god arbeidsgjevar, og ha ein god personalpolitikk.
- ivareta oppgåvene til ein god skule- og barnehageeigar ved mellom ann å ha oversikt over verksemda i skulane og barnehagane, drive systematisk oppfylgingsarbeid og gjennom kompetent leiing medverke aktivt til å utvikle skulane i takt med samfunnet sine behov og endra krav.

2.3.4. STØTTEFUNKSJON ØKONOMI OG LØN.

Visjon:

Kommunen skal ha ei økonomiforvaltning i samsvar med sunne økonomiske prinsipp.

Mål:

1. Økonomiavdelinga skal leggje til rette for den beste styringsinformasjon til leiarar og politikarar.
2. Alle arbeidsoppgåver, transaksjonar og rapportering skal skje til rett tid.

Økonomiavdelinga skal gje god rådgjeving, service og støtte til kommunestyre, formannskap, administrasjonssjef og tenesteleiarar. Vi skal legge til rette for at leiarar har rett økonomikompetanse i høve til oppgåver. Økonomiavdelinga skal legge til rette for prosessen for å utarbeide forslag til styringsdokument for politikarar, her under økonomiplan og budsjett. Vidare skal økonomiavdelinga ha god kvalitet i høve til oppgåver på skatt, rekneskap, løn og arbeidsgjevarkontroll og vi skal være minst mogleg sårbare ved fråvær. Økonomiavdelinga skal gje god service til innbyggjarane. UT

Hovudstrategiar:

Skjåk kommune skal:

- Arbeide for over tid ha eit gjennomsnittleg netto driftsresultat som ligg over 3,0 % av driftsinntektene.
- Ha oppdaterte og moderne system og rette elektronsike løysingar til kvar tid.
- utarbeide årlege styringsdokument og økonomireglement for kommunen, samt rutinehandbok for økonomiavdelinga. (UT oppgåve elles mål punkt 1)
- Auke kompetanse blant leiarar gjennom intern opplæring.
- Ha gode rutinar, effektivitet og kvalitet i økonomiavdelinga gjennom utviklingsoppgåver, kurs og motiverte medarbeidarar.
- Arbeide for å få dobbeldekning i høve til flest mogleg oppgåver.
- gje politikarar best mogleg beslutningsgrunnlag gjennom saksframstilling og presentasjonar. (UT ref MÅL)
- gje hurtig bistand og respons med kvalitet til innbyggjarar.

3. AREALDELEN.

I planen er det strategiar for å utvikle eit godt lokalsamfunn gjennom lokalisering av bustader, næringsområde, kommunikasjonar og vern av verdifulle naturområder, kulturlandskap og kulturminne.

Strategiar for å utvikle kommunesenteret:

- leggje til rette for ei vidare utbygging i/omkring Bismo.
- lokalisere og vidareutvikle handel og service i Bismo

Strategiar for effektiv areal- og ressursbruk:

- betre utnyttinga av eksisterande areal i Bismo med å leggje vekt på fortetting.
- sikre utbyggingsareal rundt Bismo i gang- og sykkelavstand.

Strategiar for jordvern:

- Halde fram med å stimulere til nydyrking og med å ta vare på dyrka mark

Strategiar for areal utanfor tettstadane.

- avgrense spreidd utbygging i gode samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde, kulturlandskap vi vil ta vare på og områder langs riksveg 15.
- utnytting av dei moglegheitene verneområda opnar for utan å forbruke områda.
- auke kompetansar for løysing av vatn- og avløpsproblematikken i spreidd busetting
- etablering av nokre større bustadtomter ute på bygda.
- utvikle Dønfossområdet med bakgrunn i det som kjem fram av prosjektet

Strategiar for gode nærmiljø:

- sørge for at barn og unge sine interesser blir ivaretekne i planlegging gjennom oppfølging av dei rikspolitiske retningslinene for å fremme gode oppvekstmiljø.
- leggje vekt på forhold som fører til at tettstadane blir opplevde som trygge gjennom planlegging og utbygging.

Strategiar for å ta vare på identiteten:

- ha klare grenser mellom LNF-område og byggeområde med støtte i markerte topografiske drag, større element av infrastruktur og liknande.
- vurdere all planlegging og utbygging i forhold til naturområde, kulturlandskap og kulturminne.

Mål:

Ei berekraftig forvaltning av arealressursane i kommunen.

KOMMUNEPLAN FOR SKJÅK 2010 -2020

FØRESEGNER MED RETNINGSLINER TIL

AREALPLANEN – PLANID 5130028.

ALLMENT

Pbl § 11-5 seier dette om kommuneplanens arealdel:

”Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan utarbeidast arealplanar for deler av kommunens område.

Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivarettatt.”

I dette kapitelet er det gjeve utfyllande føresegner knytta til kommuneplanen med heimel i plan- og bygningslova kap 11.

Følgjande dokument utgjer arealplanen:

1. Desse føresegnene med retningslinjer.
2. Kommuneplankart over heile kommunen

Rettsleg bindande føresegner med heimel i plan- og bygningslovas kap 11 er skreve i kursiv. Teksta elles skal tene som rettleiande og opplysende.

Kommunen har i tidlegare kommuneplan fleire delplanar for arealbruk.. I planprosessen har ein kome fram til at, med dagens digitale teikneteknikk, er det nok med eit kart for kommuneplanens arealdel. For områda Bismo, Dønfoss, Nysæter og Grotli er det laga meir detaljerte utsnitt av kartet. Det kan utarbeidast temakart i tillegg.

Det er elles ei rekke overordna planer for Skjåk kommunes utvikling og drift. For arealdelen er følgjande planer relevante:

- Utmarksplan for Skjåk (2003)
- Næringsplan (2007)
- Beitebruksplan for Skjåk kommune (2006)
- Kommunedelplan for kulturminnevern (ajourførast 2009)
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet og naturoppleving (2008)
- Plan for helsemessig- og sosial beredskap (2007)
- Rammeplan for avkjørsler, statens vegvesen
- Trafikksikkerheitsplan (2005)
- Overordna ROS-analyse for Lom og Skjåk kommune 2010
- Handlingsplan for klima og energi – Skjåk kommune 2010

PLANOMTALE.

FORORD.

Etter Plan- og bygningslovas (PBL) § 4-1 skal det for kommuneplanar utarbeidast ei planomtale som omtaler formål for planen, hovudinnhald og verknader, samt forhold til rammer og retningslinjer som gjeld for området. Planomtala må vise planens forhold til andre planer som gjeld for området og det skal vera ein samanheng i plansystemet. Det er særleg viktig at det blir klargjort om planen er i samsvar med gjeldane overordna planer eller om den nye planen medfører endringar.

Planomtala skal inngå i planforlaget når dette blir sendt ut på høyring. Omtala skal vera så fyldig og presis at det er mogleg å få eit dekkande bilde av omsyna bak planen. Den skal også vise kva planen vil medføre for råka parter, interesser og omsyn.

FORMÅL MED PLANEN.

Kommuneplanen er den overordna og langsiktige planen i kommunens plansystem, som skal sjå kommunens oppgåver og ansvarsområde i samanheng. Den skal gje føringar for kvar kommunen skal sette inn ressursar i form av arbeidskraft og økonomi, kva for tenester kommunen skal tilby innbyggjarane og nivået på desse tenestene. Den skal vidare vise bruk og vern av areal. *Samfunnsdelen* av kommuneplanen fortel om mål og utfordringar kommunen står ovafor. *Arealdelen* fortel gjennom kart korleis ein skal gjera arealinngrep for å nå måla, og kva for areal som skal nyttast som i dag.

Kommuneplanen skal være et reidskap for dei folkevalde, som skal gje grunnlag for styring av utviklinga også over eit lengre tidsperspektiv. Den skal fastlegge ramer for detaljplanlegginga og for enkeltvedtak.

Kommuneplanen skal gje innbyggjarane, næringsliv og organisasjonar moglegheit for medverknad i kommunens prioriteringar og dermed moglegheit til å påverke utviklinga i kommunen.

Sjølv om karta i kommuneplanen er teikna digitalt og kan forstørrast, er det viktig å lese planen som ein grovmaska plan for kommunens samla areal og ramer for den vidare utviklinga.

For store områder i kommunen vil arealdelen vera det einaste overordna planverktøyet, og i nokre tilfeller vil det heller ikkje være krav om reguleringsplanar før søknad og gjennomføring av tiltak. For slike områder er det utarbeidd konkrete og meir detaljerte bestemmelsar, i tillegg til det meir nøyaktige arealplankartet. Dagens digitale planverktøy gjev gode moglegheiter her.

Arealdelen av kommuneplanen vil:

- Gje viktige ramer for samfunnsutvikling
- Gje føringar for framtidige revideringar av kommunedelplanar
- Gje føringar der ein på bakgrunn av arealdelen utarbeider reguleringsplaner
- Gje føringar der ein på bakgrunn av arealdelen behandlar byggjesøknader
- Gje moglegheiter for langsiktige vurderingar av arealbruk
- Vera eit reidskap for heilheitleg forvaltning av areal inn mot verna områder

- Sikre vern av naturområde, kulturminner og produktive jordbruksareal
- Sikre at prinsippa om universell utforming blir ivareteke i nybygg, renovering av bygg, uteareal, transport og reiseliv.

PLANPROGRAM.

Planprogram etter PBL § 11-13 for rullering av kommuneplan for Skjåk vart vedteke i kommunestyret 30.09.2010.

Før det vart vedteke var det sendt ut på høyring i samsvar med PBL § 11-14.

PLANPROSESS OG HOVUDINNHOLD I REVIDERT KOMMUNEPLAN (ENDRINGAR)

Etter at planprogram vart vedteke har det pågått kontinuerleg arbeid med utarbeiding av revidert samfunnsdel og arealdel.

I dette arbeidet har ein m.a. vore oppteke av:

- Utvikling av folketal
- Verneprosessane
- Meir og meir trafikk på vegane
- Mange meiner Skjåk er ein bra stad å bu – noko å selje??
- Kommuneloven og krav til rullering av planverk.

I fase 1 vart det arbeidt med følgjande:

- Samfunnsutviklingsprosjekt, ikkje berre kommuneplan
- Fleire møter med politikarar, næringsliv og bygdefolk – kva er viktig?? Kva er utfordringane?? Folk utanfrå vart invitert til å utfordre oss.
- Vart 4 fokusområde:
- Vern og bruk
- Befolkning og bulyst
- Folkehelse og førebygging
- Kommunikasjon og samferdsel
- Det vart laga 4 delrapportar med mange forslag til tiltak.

SAMFUNNSDELEN.

Som grunnlag for revisjon av samfunnsdelen har kommunen utarbeidt ein rapport ”Strategisk utviklingsanalyse” der kommunen engasjerte Terje Bjerkan og PwC i Stryn.

Som grunnlag for utarbeiding av analysa vart det utført:

- **Intervjua næringsliv:** 3 frå industri / handverk, 6 frå reiseliv, 5 frå handel, 2 frå transport, 2 frå tenestytande næring, 2 frå finans / eigedom, 8 frå primærnæring (ulike sorter produsentar) 1 forskning /utdanning og 3 frå anna næring.
- **Spørjeundersøkingar** av unge på ungdomsskulen (59) og VGS i Lom (19)
- **Analyse** av ”harde fakta” og statistikk, ex folketal, alderssamansetting, utdanningsnivå, næringsstruktur, arbeidsløyse, pendling, kommunikasjon m.m.

Her er utdrag av det ein kom fram til:

- Liste med komparativ fortrinn: råstoff og ressursar, arbeidskraft, kompetanse og teknologi, lokal kapitaltilgong, nærleik til marknader.
- Byrja med strategi- og målformuleringar
- Det er ein sterk samanheng mellom dei ulike hovudutfordringane

I analysen kom ein fram til ny visjon og slagord som er tenkt lagt inn i ny samfunnsdel:

- **Skjåk skal vere ein open og framtidsretta kommune med eigenart, kraft og rein natur; for menneske som ynskjer høg livskvalitet og eit nyskapande næringsliv.**
- **Skjåk 79 - ei rein oppleving!**

For å sikre framdrift og gjennomføring av det som kom fram i analysa vart det vedteke å gjennomføre 4 delprosjekt:

- **Skjåkprosjektet**
- **Næringsprosjekt**
- **Identitet og omdømmeprosjektet**
- **Kommuneadministrasjon**

Tilslutt vart det i analysen innarbeidd ei rekkje konkrete mål som det skal arbeidast vidare med.

Kommunestyret vedtok visjon, slagord og strategiar i analysen 26.08.2010, men endeleg utforming av visjon og slagord vil koma med kommuneplanen.

I forslag til revidert samfunnsdel er måla og strategiane i analysen lagt inn..

Det er i hovudsak kap 1 i samfunnsdelen som er endra. Kap 2 har berre gjennomgått mindre endringar.

I vekene 8, 9 og 10 i 2011 er det hald 7 grendemøter for å få inn signal frå befolkninga på kommuneplanarbeidet. Desse møta har samla over 200 deltakarar.

AREALDELEN.

Den nye arealdelen er tilpassa ny plan- og bygningslov og nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregiseter.

Når planen nå er framstilt digitalt betyr det at karta er mykje lettare å lese enn i den gamle.

Det er mogleg å ta utsnitt i større målestokk og ein kan velja kva for tema ein vil ta med.

Arealdelen er lagt opp slik som tidlegare med eit hovudkart som dekkjer heile kommunen og delplanar for:

- Bismo
- Dønfoss
- Nysetra
- Grotli

I delplanane er det lagt inn fleire detaljar enn på hovudkartet.

Utanom plankarta er det lagt inn ein verbal del som er bestemmelsar til arealformåla, desse er tilpassa ny pbl.

Endringar i arealdelen

Dei viktigaste endringane i forhold til arealdel frå 2006 er følgjande:

- Gang- og sykkelveg langs riksveg 15 frå Dønfoss til Lom grense.
- Fortetting av eksisterande næringsområde ved Felodden
- Nytt næringsområde i Lundagrende
- Arealplankarta er tilpassa kommunalt planregister etter pbl § 2-2, det betyr at reguleringsplanar er lagt inn i plankartet.
- Tidlegare områder med retningslinjer er lagt ut som omsynssoner etter ny pbl.
- Breheimen nasjonalpark med landskapsvernområde er lagt inn.
- Sykkelstige frå Langvatn til Dønfoss
- Omsynssoner for ras, støy, radon.
- Endring av delplan for Grotli, byggeareal utanfor regulert området er trekt ut i samsvar med brev frå Fylkesmannen av 29.03.2007.
- Mindre justeringar for å få plan i samsvar med faktiske forhold.

I bestemmelsane som følgjer arealdelen er det gjort justeringar for å få desse i samsvar med ny pbl. Av andre endringar er:

- Nytt avsnitt om strukturrasjonaliseringar i landbruket
- Like arealbegrensingar for hytter som ligg i LNF-område
- Kantvegetasjon på 15 m langs vassdrag ved nydyrking (tidl. 6 m)
- Avsnitt om turstigar i LNF-områda
- Bestemmelsar for omsynssoner

OMTALE OG GRUNNGJEVING AV DEI VAL SOM ER GJORDE.

BYGGJEOMRÅDE OG ANLEGG (PBL § 11-7 NR. 1.)

Det er ikkje lagt inn nye byggeområde for bustader og fritidshus utanom dei områda som har godkjent reguleringsplan. Eit område ved Dønfoss som ikkje er regulert er vidareført frå tidlegare kommuneplan.

Ettersom næringsområdet i Bismo snart er utbygd, må kommunen leggje ut nye næringsområde. Det er svært viktig å ha klare næringsareal for dei som vil etablere seg i kommunen, dette heng m.a. saman med befolkningsutviklinga.

For å spare dyrka og dyrkbar jord rundt Bismo har kommunen måtte gå lenger frå sentrum enn ynskjeleg (dei fleste ynskjer å etablere seg nær kommunesenteret). Det er lagt ut eit nytt næringsområde i Lundagrende og ei utviding av eksisterande næringsområder på Felodden. Når det gjeld spreidd bustadbygging viser erfaring frå tidlegare at det er vanskeleg å "treffe" med areal kommunen legg ut i plansamanheng og dei søknadane som kjem inn. På grunn av dette har ein valt å lage retningslinjer for dispensasjon for slike saker.

Kommunen har lagt til rette for bustadbygging gjennom reguleringsplanar både i Dønfossområdet, Bismo og Aurmo, dette gjev god spreiding i heile kommunen der det er aktuelt å byggje bustader.

Planprogrammet for kommuneplan viser at kommunen har relativt store reserver for bustadtomter og det er derfor ikkje lagt ut nye områder. Det er også reserver i godkjente reguleringsplanar for hytteområder og det er ikkje lagt ut nye områder. Nye områder bør vurderast først når regional villreinplan føreligg.

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 11-7 nr. 2).

Satens vegvesen har signalisert at det ikkje er planer om større utbyggingar for riksveg 15 i Skjåk. I nasjonal transportplan er det prioritert utbygging av gang- og sykkelveg langs rv. 15. Kommunen har teke konsekvensen av dette og lagt inn gang- og sykkelveg langs rv. 15 frå Lom grense til Dønfoss. For traseen er som er valt er det teke spesielt omsyn til vern av dyrka jord.

Det er populært å sykle og det er mange både lokale og gjennomreisande som sykklar gjennom Billingsdalen. Både for trafikksikkerheita og som eit ledd i folkehelsearbeidet har kommunen valt å leggje inn sykkelstig frå Dønfoss til Langvatnet. Denne fylgjer eksisterande skogsvegnett og andre mindre trafikkerte veger der det er mogleg. På nokre kortare strekningar må det byggjast ny veg.

I samband med evt. nye tunnelar for rv. 15 i Breiddalen vil det bli laga eigen kommunedelplan seinare.

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDER (PBL § 11-7 NR. 4).

For å forenkle planen er det foreslått å innføre berre ei LNF-sone i kommuneplanen.

I staden er det utarbeidd retningsliner for dispensasjonspraksis.

Landbruket er i stor endring. For å få til ein meir forutsigbar politikk, har kommunen funne det tenleg å innarbeide eigne retningsliner for strukturrasjonalisering i landbruket.

BRUK OG VERN AV VASSDRAG (PBL 11-7, NR. 6).

I den nye planen er det sett krav til kantvegetasjonsbelte langs vassdrag. Det skjer relativt mykje nydyrking i Skjåk. For å redusere forureiningsfaren og for å oppretthalde ei sone langs vassdraget der folk kan ferdast har ein funne det rett å innføre ei sone på 15 m.

OMSYNSSONER.

Omsynssoner er eit nytt begrep som er innarbeidd i ny plan- og bygningslov.

I plan for 2006 var det lagt ut områder i LNF-sonene der friluftsliv, naturvern og landskapsstruktur var dominerande. Desse sonene er nå vidareført som omsynssoner.

Områder med serleg omsyn (Pbl § 11-8).

H560 gjeld områder for bevaring av naturmiljø og er vidareført frå tidlegare plan. For å ha betre styring med m.a. nydyrking i elvedeltaene er det lagt inn omsynssoner i Otta elv i området ved Marlo og ved Bråtåvatn.

H570 er områder for bevaring av kulturmiljø. Område på Ramstadstrond, Bråtå, og Billingen er vidareført frå tidlegare plan. Etter oppfordring frå fylkeskommunen har kommunen lagt inn tilsvarende omsynssone i Bruheimsgrende og Reppen for å få samsvar med kulturlandskapsregistreringa frå 1993.

H530 er viktige områder for friluftsliv. Desse er vidareført frå gjeldande plan.

Båndleggingssoner.

Verneområda i kommunen er lagt inn som bandlagte områder etter naturmangfaldlova.

For dei største områda der det finst automatisk freda kulturminne, er desse lagt inn som Båndlagte områder.

Detaljeringssoner.

Alle gjeldane reguleringsplaner er lagt inn i kommuneplanen som detaljeringssone.

Faresoner.

Tidlegare kommuneplan viser få fareområder (H310). Kommunen har lagt inn fareområder

for ras og skred. Her er ”aktsomhetskart” frå NVE lagt til grunn. I kommunen er det fleire områder med høgt radoninnhald i grunnen og der kommunen kjenner til slike områder er desse vist som faresoner (H330). Skytebane i Nordberg er vist som faresone (H360) og 132 KV line frå Øvre Otta kraftverka er vist som høgspenningsanlegg (H370)

Sikringssoner.

For å sikre områder for grunnvassforsyning som ikkje er sikra gjennom reguleringsplan, er det lagt inn sikringssoner for desse (H120).

Støysoner.

Langs rv 15 er det lagt inn støysone, gul sone iht T-1442 (H220)

RAMMER OG RETNINGSLINER SOM GJELD FOR OMRÅDET.

Rammer og retningslinjer som gjeld for området.

REGIONALE RETNINGSLINER

Fylkesplanar og andre regionale retningslinjer for arealbruk skal leggjast til grunn for det kommunale planarbeidet. Avvik frå retningslinjene om arealbruk kan gje grunnlag for motsegn frå fylkeskommunen, nabokommunar eller statlege fagmyndigheiter. Regional planstrategi for Oppland trekker fram attraktivitet, klima og bruk/vern som viktige utfordringar, og lister opp områder som skal arbeidast vidare med i perioden.

FYLKESPLAN FOR OPPLAND - MULIGHETENS OPPLAND (2005-2008)

For Nord-Gudbrandsdal framhevar planen satsing på at sterk bevisstgjerings av eigne kvalitetar, moglegheiter og fortrinn vil føre til auka verdiskaping innan landbruk og reiseliv. Planen understrekar at utbygging av kommersielt reiseliv og hytter i og inntil dei store naturområda skal som hovudregel skje som fortettingar eller utvidingar av eksisterande byggeområde i utpeika satsingsområde.

REGIONAL KLIMAPLAN

Den regionale klimaplanen vart vedteken 27.06.08 og skal følgjast opp av kommunale handlingsplanar. Målet er å få til energiomlegging og energieffektivisering, reduksjon av klimagassutslepp og betre utnytting av ressursane knytt til vasskraft og skog. Dei langsiktige løysningane ligg i energieffektiv utbygging og planlegging. Derfor er kommuneplanens arealdel eit tiltak i ein kommunal handlingsplan.

REGIONAL PLAN FOR SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP 2010-2013

Planen er ei risiko- og sårbarheitsanalyse for Oppland fylke og må sjåast i samanheng med den kommunale analysa.

JORDVERNSTRATEGI FOR OPPLAND

Strategien vart godkjent av fylkestinget juni 2007. Formålet med strategien er å synleggjere dei regionale strategiane som ligg til grunn for virkeområda til særlovene til landbruket.

Strategien skal vera eit hjelpemiddel for å nå målet om ei halvering av omdisponering av dei mest verdifulle jordressursane innan 2010.

REGIONAL PLAN FOR OTTADALEN VILLREINOMRÅDET

Med bakgrunn i St. meld. Nr. 26 (2006-2007), regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand vart Ottadalen foreslått som nasjonalt villreinområde og Miljøverndepartementet har bede om at det blir utarbeidd regional plan for området. Arbeidet med dette har starta opp og planprogram er under utarbeiding.

NASJONALE FORSKRIFTER OG RETNINGSLINER

Mål og ramer for den nasjonale arealpolitikken blir blant anna formidla i stortingsmeldingar, rikspolitiske retningslinjer (RPR) og rundskriv. Etter plan- og bygningslovas §3-2 har fylkesmannen og andre statlige sektormyndigheter ansvar for å følgje opp måla og rammene overfor kommunane. Avvik frå retningslinene kan gje grunnlag for innsigelser til kommunale planer frå fylkeskommune, nabokommunar eller statlege fagmyndigheiter.

VERNA OMRÅDER

Skjåk kommune har snart 80% av sitt areal verna etter Naturmangfaldlova enten som nasjonalpark, naturreservat eller landskapsvernområde. Politiske signal dei siste åra om auka fokus på næringsmessig utnytting av verna områder er derfor viktig også i ein arealdel. Nokre av de siste åras styringssignal er:

- Fjellteksten (2003)
Miljøverndepartementet la frem ei utgreiing om utnytting av verneområda i reiselivssamanheng. Regjeringa signaliserte her at den vil opne for auka miljøtilpassa turismeverksemd som ikkje kjem i konflikt med verneformålet i nasjonalparkane.
- Soria Moria erklæringa (2005)
Det blir erkjent at det er vår natur- og kulturarv som er vår mest attraktive ressurs i reiselivssamanheng. Regjeringa vil også at folkevalte organ lokalt og regionalt skal få større myndigheit i naturforvaltninga.
- St.meld nr 26 (2006-07) - Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand
inneheld viktige arealpolitiske føringar som alle arealplanmyndigheiter må forhalde seg til. Føringar om sikring av villreinens leveområde er gjeve i denne meldinga og i seinare brev. ”Regjeringen mener at vern av natur er en god investering også som potensial for verdiskaping. God forvaltning av verneområdene er en forutsetning for at reiselivet og andre aktører skal kunne ta ut næringspotensialet knyttet til investeringer utenfor områdene, kombinert med bærekraftig aktivitet inne i områdene”. Arbeidet med handlingsplan (sjå nedenfor) blir lyfta fram.
- Handlingsplan for bærekraftig bruk, forvaltning og skjøtsel av verneområder (2007)
Handlingsplanen har vore ute på høyring og ligg til behandling i departementet. Rapporten peikar på viktige utfordringar for den framtidige forvaltninga av verneområda. For å løyse desse utfordringane blir det foreslått ei rekkje tiltak som bl.a. styrka forvaltning, ein større grad av ”adaptiv” forvaltning og tiltak retta mot lokalsamfunn, lokale og regionale myndigheiter.
- ”Verdifulle opplevelser” - Regjeringens nasjonale reiselivsstrategi (2008)
Også i den nyleg framlagte nasjonale reiselivsstrategien seier regjeringa at den ynskjer at nasjonalparker og andre verneområder skal kunne tas i bruk for reiselivet på ein bærekraftig måte, og at ”Natur- og kulturarven i bygd og by skal sikres som en ressurs for lokalsamfunnene og for lokal verdiskaping”.

VERNEFORSKRIFT OG FORVALTNINGSPLAN FOR REINHEIMEN MED LANDSKAPSVERNOMRÅDER
Verneforskrifta er vedteken.

Forvaltningsplanen er vedteken av Direktoratet for naturforvaltning. Forvaltningsplanen gjev nærmare retningslinjer for oppsyn, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon osv.

VERNEFORSKRIFT FOR HONNSRØVE NATURRESERVAT – 2005 OG RISHEIMØYI NATURRESERVAT 1990.

Desse forskriftene er vedtekne.

VERNEFORSKRIFT FOR BREHEIMEN NASJONALPARK, MYSUBYTTA LANDSKAPSVERNOMRÅDE OG STRYNEFJELLET LANDSKAPSVERNOMRÅDE.

Desse forskriftene er vedtekne i august 2009.

Forvaltningsplanar vil koma i etterkant av vernevedtak.

ST.MELD. NR. 21 (2005-2006) – HJARTE FOR HEILE LANDET, OM DISTRIKTS- OG REGIONALPOLITIKKEN

Regjeringa har som overordna mål i distrikts- og regionalpolitikken å leggje til rette for likeverdige levekår i heile landet og oppretthalde hovudtrekka i busetjingsmønsteret. Auka verdiskaping og auka lokal og regional vekstkraft er både verkemiddel og eit mål i seg sjølv.

RETNINGSLINJER KNYTTET MER KONKRET TIL AREALPLANLEGGING

- RPR for barn og planlegging
Retningslinene skal sikre eit oppvekstmiljø som gjev barn og unge trygghet mot fysiske og psykiske skadeverknadar, og som har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om barn og unges behov. Vidare heiter det at det offentlige har ansvar for å sikre barn og unge dei tilbod og moglegheiter som samla kan gje den enkelte utfordringar og ein meningsfylt oppvekst uansett bustad, sosial og kulturell bakgrunn.
- Rundskriv - Universell utforming
Rundskrivet vil bli endra til ein RPR i nær framtid. Universell utforming inneber at tilgjengelegheit for menneske med redusert funksjonsevne i størst mogleg grad blir løyst som ein naturleg del av produktdesign, arkitektur, planlegging og service. I eigen stortingsmelding (Nedbygging av funksjonshemmande barrierar) har regjeringa følgjande mål:
 - Aktiv deltaking og full likestilling
 - God tilgjengelegheit til bygningar, utemiljø, produkt og tenester.
- RPR for samordna areal- og transportplanlegging
Retningslinene gjev prinsipp for planlegging som byggjer opp under ein effektiv arealbruk og betre miljø i byer og tettstader. Utvalde prinsipp som blir vektlagt er:
 - Eit utbyggingsmønster som begrenser transportbehovet og gjev korte avstandar til daglege gjeremål.
 - Klare tettstadgrenser og samling av naturinngrep
 - Høgare tettleik i bygga kombinert med auka omsyn til grønstruktur og kulturmiljø
 - Tilrettelegging for kollektivtransport, sykkel og gangtrafikk
- RPR for verna vassdrag – Verneplan I-IV for vassdrag med supplering 2005.
Retningslinene gjeld for vassdrag som er varig verna. I Skjåk kommune gjeld det Skjøle, Åstre/Tundre, Glitra, Åfotgrove, Måråe, Tora og nokre grensevassdrag mot

andre kommunar. Vassdraga blir klassifisert i tre klasser, med ulik grense for tillatne tiltak. Dette heng saman med registrerte verneverdiar og arealtilstand. Dette skal visast i kommuneplanens arealdel. Det blir vurdert å lage eit eige temakart for å tydeleggjera desse forvaltningssonene.

ST.MELD NR 16 (2004-2005) LEVE MED KULTURMINNER.

Kulturminne frå før 1537 er automatisk freda i medhald av lov om kulturminne §§ 4, 6 og 8. Vedtaksfreda kulturminne er kulturminne som er freda etter kulturminnelovas § 15. Alle tiltak som kan røre ved automatisk freda eller vedtaksfreda kulturminne skal leggjast fram for kulturminnestyresmaktene i Oppland fylkeskommune for uttale. Det same gjeld dei til kvar tid ståande byggverk frå perioden 1537-1649. Kommunen har eit ansvar for å vera med å sjå til at desse bygga/anlegga har ei tilfredsstillande sikringssone (Kulturminnelovas § 6). Kulturminnelovas § 25 stiller krav til at riving eller vesentleg endring av bygg/anlegg oppført før 1850 blir sendt fylkeskommunen til uttale. Det same gjeld rive- og byggesøknader for bygningar som er registrerte i SEFRAK.

SAMLA VURDERING AV VERKNADANE AV PLANEN PÅ MILJØ OG SAMFUNN

For dei nye tiltaka er det utført konsekvensutredningar.

Dette gjeld:

- Gang- og sykkelveg langs riksveg 15
- Fortetting av næringsområde ved Felodden
- Næringsområde i Lundagrende
- Sykklestig Langvatn – Dønfoss

DYRKA MARK OG DYRKBAR MARK:

Nye næringsområde på Felodden og i Lundagrende vil ikkje ta i bruk av dyrka eller dyrkbar jord.

Sykklestig Langvatn – Dønfoss vil for det meste gå etter eksisterande vegar. For dei strekningane det skal byggjast nye vegar vil ikkje dette råke dyrka eller dyrkbar jord.

Gang- og sykkelveg langs riksveg 15 vil gå ut over ca 42 daa dyrka jord.

NATURVERDIAR, BIOLOGISK MANGFALD:

Ut frå konsekvensvurderingane vil ikkje dei nye tiltaka medføre store konsekvensar for naturverdiar og biologisk mangfald.

Ingen av områda er kjent å ha raudlisteartar.

Ingen kjente vilttrekk vil bli råka.

VIRKNING AV PLANEN FOR INNBYGGJARANE I SKJÅK.

Planforslaget legg premisser for utvikling og utbygging av bustader og næringsverksemd slik at folketal og samfunn kan oppretthaldast på minst dagens nivå. Gjennomgåande gang - og

sykkelveg/sykkelstig gjer at planen gjev innbyggjarane gode føresetnader for fysisk aktivitet. Planen vil derfor kunne påverke folkehelsa til innbyggjarane i positiv retning.

PLANENS VIRKNING M.O.T. SAMFUNNSSIKKERHEIT OG PÅVIRKNING AV RISIKO OG SÅRBARHEIT

Det er ikkje lagt inn nye utbyggingsområde som medfører auka fare for ras, flom i planforslaget. Aktsomhetskart for skred har avdekka behov for detaljkartlegging av bebygde områder. Planbestemmelsane gjev strenge føringar for kartlegging av risiko før gjennomføring av regulering og utbygging.

Planen inneheld element som medfører auka trafikksikkerheit

Sjølv om ny byggtেকnisk forskrift har strenge krav til sikring av nye bygg mot radon, er det viktig å sette ekstra fokus på denne faren i dei område som har grunn med høgt radoninnhald.

IVARETAKING AV NASJONALE OG REGIONALE OMSYN.

Eit av hovudfokusområde innan planlegging som har vore påpeika både nasjonalt og regionalt er å ta høgde for evt. konsekvensar av klimaendringane. Dette er vidareført i planen ved auka fokus på beredskap. Serleg er det viktig å ha fokus på ras, flom og radon.

Vidare legg planen opp til ei satsing på å få eit sterkt bygdesenter i Bismo.

Kommunen har vore forsiktig med nye tiltak i randsonane til verneområda.

Utanom gang- og sykkelveg langs riksveg 15 er det ikkje lagt opp til bruk av dyrka eller dyrkbar jord utanom det som tidlegare er omdisponert.

Krav til universell utforming og forhold til barns interesser i planlegginga har vore ivareteke og vil bli det vidare i planlegginga.

Forslag til revidert kommuneplan vart drøfta på regionalt planforum 11. januar 2011, og det er gjort nokre justeringar i samsvar med det som kom fram på dette møtet.

FORHOLD TIL GJELDANDE PLANER.

Gjeldane arealplanar går fram av kommunens planregister.

I arealdelen av kommuneplanen er avgrensingane av dei regulerte områda identisk med det som er lagt inn i planregisteret.

Der kommuneplan med arealdel og føresegner skal overstyre gjeldande reguleringsplanar er dette konkret opplista i planen.

GENERELLE FØRESEGNER OG RETNINGSLINER, PBL § 11-9.

Dette er generelle føresegner som gjeld i heile planområdet, uavhengig av formål.

- Før det blir gjeve løyve til evt. bygging langs vassdrag, skal det godtgjerast at området ikkje kan bli utsett for flom eller erosjon. I alle byggjeområda skal det godtgjerast at det ikkje er fare for steinsprang, jord- eller snøras.*
- Retningslinjer for støy i arealplanlegging frå Miljøverndepartementet skal leggjast til grunn*

- *Nye avkjørsler til riks- eller fylkesvegar skal plasserast og utformast i samsvar med godkjent rameplan for avkjørsler utarbeida av Statens vegvesen Oppland (jf. Veglovas § 41)*
- *Tidlegare vedtekne reguleringsplanar gjeld framfor kommuneplan dersom anna ikkje er nemt.*
- *For dei regulerte hytteområda gjeld arealbegrensingane som er sett nedanfor i pkt 1.4.*
- *Det er i kommunen ikkje lov å føre opp nye bygg- og anleggstiltak langs vassdrag inntil 50 meter frå strandlinja målt i horisontalplanet ved gjennomsnittleg vasstand, jf PBL § 11-11 nr. 5. For verna vassdrag er avstanden 100 meter.*
- *Alle tiltak skal ha gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv, i forhold til funksjonen til tiltaket, naturlege og bygde omgjevnader og plassering (pbl § 11-9 nr. 6) Omsyn til eksisterande bygningar og kulturmiljø må vurderast i kvart enkelt tilfelle.*
- *Innanfor arealformålet LNF skal det leggjast vekt på god landskapstilpasning og stedefeng byggeskikk ved oppføring av nye bygningar og anlegg. Ved oppføring av nytt våningshus (bustad nr 2), skal huset i hovudsak plasserast som ein del av tunet og tilpassast den eksisterande bygningsmasse. Omsynet til biologiske verdfulle miljø, landskap, jordvern, kulturminne og kulturmiljø skal ivaretakast (pbl § 11-9 nr 6 og 7).*
- *Verdfulle enkeltbygningar, bygningsmiljø og andre kulturminne (t.d. teknisk industrielle kulturminne) skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar og settast i stand dersom det ikkje er til vesentleg ulempe for eigar eller samfunnet (pbl § 11-9 nr 7)*

FØRESEGNER FOR OPPFØRING AV BUSTADER, FRITIDSBYGG, NÆRINGSBYGG OG HUSVÆRE FOR SÆTERBRUK OG SKOGSDRIFT I UREGULERTE OMRÅDE PBL § 11-9 NR. 6.

FORMÅL.

Formålet med føresegnene er å ta vare på miljø, kulturlandskapet og tradisjonell byggeskikk i Skjåk. Disse føresegnene gjeld for områder der bygge- og anleggstiltak er tillatt.

A. Plassering av bygningen - andre terrengmessige inngrep.

1. *Bygningen skal plasserast slik at den bryt minst mogleg med naturpreget i området.*
2. *Utsiktspostar av særskild interesse for allmente og utsette parti og punkt som har særskilt mykje å seie for landskapskarakterar, skal ikkje byggjast ned.*
3. *Bygningen skal ikkje plasserast slik at det kan vera fare for forureining av vassdrag (større bekkar, elvar m.m.).*
4. *Den skal ikkje plasserast nærare vassdrag enn 50/100 meter målt frå strandlina i horisontal- planet ved gjennomsnittleg flomvass-stand. I verna vassdrag er grensa 100 m. Det kan likevel oppførast tilbygg til eksisterande bygningar når dette ikkje medfører auka bueiningar, og tilbygget ikkje blir oppført nærmare vassdraget enn eksisterande bygning.*
5. *Bygningen skal ikkje plasserast nærare enn 15 meter frå kjøreveg eller gangveg (sti) som er open for allmenn ferdsel (avstanden vert rekna frå midtlina i vegen). Frå riksvegen skal avstanden vere minimum 50 meter. (Siste endring i veglova)*
6. *Det skal gjevast melding til kommunen om all vegbygging, og det kan stillast krav om reguleringsplan.*
7. *Vegframføring i eit hyttefelt må samordnast. Vegane må plasserast slik at dei ikkje bryt med naturpreget området har. Utsiktsposter av særskild interesse for allmente og utsette parti og punkt som har særskilt mykje å seie for landskapskarakteren, skal takast vare på.*
8. *Vegane skal vera tilpassa transport av funksjonshemma.*

B. Utforming av bygningen, materialbruk og fargar.

1. *Busetnaden skal mest mogleg tilpassast naturen i området, med enkel og god utforming tilpassa den lokale byggeskikk i material og fargevirkning. (Ein vil ikkje godkjenne bygningsformer, materialer og fargar som i unødig grad framhevar husa i landskapet eller gjev dei eit utradisjonelt preg).*
2. *Hovudhus, uthus og eventuelt andre hus skal ha mest mogleg einsarta og samanhengjande form i val av materialer som kledning, vindauge, taktekking og fargar. Innbyrdes plassering må gje husa eit preg av samanheng.*

GENERELLE RETNINGSLINER

Plassering av bygningen – andre terrengmessige inngrep.

1. Plan for vassforsyning og avløp skal fylgje bygge/frådelingsøknaden. Dersom ikkje anna er bestemt i føresegner m.m., skal desse spørsmåla handsamast etter plan- og bygnings- lova § 27-1 og 27-2, og etter forskrift om utslepp frå separate avløpsanlegg.
2. Dersom bygningen ikkje har utsleppsløyve skal spillvatn tømast der det er minimal fare for forureining. Det skal ordnast med steinsett synkekum.
3. Privetordning der det ikkje er gjeve utsleppsløyve, skal skje til godkjent biologisk klosett el. tilsv. evt. utedo der forholda ligg til rette for det. Det kan nyttast vakumtoalett el. tilsv. med maks vassforbruk 1 l pr. nedspyling som blir ført til tett oppsamlingstank der det er adkomstveg for tømebil. Der det ikkje er gjeve utsleppsløyve må vassforsyning vera frå innvendig sisterner.
4. Framføring av kablar (strøm, kabel-TV m.m.) må plasserast mest mogleg skånsamt i terrenget (sjå punkt 1). Slikt arbeid skal samordnast med framføring av veg og vatn så sant det let seg gjera.

Utforming av bygningen, materialbruk og fargar.

- 1) Tak skal utformast som saltak med takvinkel mellom 15° og 28°, tilpassa forma påhusa. Bruk av ulik takkonstruksjon, takvinkel og reisverkhøgde på same hus må ein unngå. For bustadhus og tilhøyrande uthus kan takvinkel aukast til 45°. Taktekking skal utførast med tekningsmaterialer som har ein matt og mørk verknad.
- 2) Høgde på grunnmur og hus skal haldast så låg som mogleg. Her må terrengdandering og grunnmurhøgde vurderast nøye. Maksimal grunnmurshøgde for fritidshus der tomta skrår, bør ikkje overstige 100 cm. Forholdet mellom lengde og breidde på bygningen må tilpassast slik at gesimshøgda står i normalt forhold til resten av bygningskroppen.
- 3) Fritidshus må ikkje oppførast i meir enn 1 etasje. Den lokale byggetradisjon med ramloftbygning kan godkjennast dersom ikkje bygningen vil virke høg og dominerande.
- 4) Det skal nyttast materialar og fargar som har samanheng med naturen rundt (naturstein, skifer, torv, mørke jordfarger, mørk brun eller grå beis). Alle utvendige bygningsdelar inklusive vindskier, rammer rundt vindauga, hjørne- og dekkbord, skal ha tilnærma same mørke farge. Dører og rammer rundt vindauga kan påførast ei noko avvikande farge. Ljose eller sterkt avvikande signalprega fargar, som gjev store kontrastvirkningar mot omgjevnaden vil ikkje bli tillate. I bustadfelt og områder der det tradisjonelt har vore vanleg med kvite bygningar, kan dette vidareførast.
- 5) Det er ikkje tillate å setja opp gjerde. Når særskilde forhold tilseier det, som f.eks. vern mot beitedyr eller når gjerde inngår som eit vesentleg ledd i gruppering og utforming av bygningane, kan kommunen, når grunneigar samtykkjer, tillate oppsetjing av gjerde. Nærmare retningslinjer i kommunedelplan for beitebruk.
- 6) Frittstående flaggstenger og vindmøller på tomter for fritidshus vil ikkje verta godkjent.

- 7) Parabolantenner skal plasserast minst mogleg skjemmaende på bygningen eller i terrenget.
- 8) Høge antenner vil berre unntaksvis verte godkjent.
- 9) Byggjevarene skal fraktast på plass med minst mogleg skader på naturen. Køyning for transport av byggjeverer i utmark skal meldast Skjåk kommune på førehand. Utkøyning skal skje over stuttast mogleg tid.

1. BYGGJEOMRÅDE OG ANLEGG – PBL § 11-7 nr. 1.

Byggjeområde omfattar område for tettstadsutvikling, bustadområde, område for industri, næring og forretning, område for offentleg verksemd, område for allmennyttige føremål og område for fritidsbustader.

Plankrav (Jfr. PBL § 11-9 nr. 1):

- *I byggjeområder kan tiltak som nemt i pbl 20-1 ikkje finne stad før området inngår i reguleringsplan.*

Unntak frå plankravet er mindre utbyggingstiltak dersom det er gjeve føresegner om utbyggingsvolum og uteareal, og forholdet til transportnett og anna lovverk er ivareteke.

- *Påbygg, tilbygg, garasje og uthus for eksisterande bustad og fritidsbygg.*
- *Oppføring av 1 einebustad eller 1 tomannsbustad i eksisterande bustadområde og frådelling til same formål.*
- *Utbyggingsrekkefølge (Jfr. PBL § 11-9 nr. 4)
I områder avsett til utbyggingsformål (eksisterande og nye) kan ikkje arbeid settast i gang før følgjande forhold er avklara:*
 - *Tekniske anlegg, dvs. veg, vatn, avløpsanlegg, strømframsføring*
 - *Trafikksikker adkomst for gåande, syklande og køyrande*
 - *Leikeareal*
 - *Ras, flom og erosjon*
 - *Støyforhold*
 - *Forhold til kulturminnevernlova*

1.1 Bustadområde

Det er sett av areal til bustadbygging på arealplankartet i Bismo - Aurmo og Dønfoss. Desse områda inngår i godkjente reguleringsplanar med unntak av framtidig byggjeområde ved Hulderhaugen i Bismo. Dette framtidige byggjeområdet omfattar dyrka areal på gnr. 32/1 og 29/1 og skal byggjast ut med høg utnyttingsgrad. Av omsyn til jordvernet skal ikkje området byggjast ut før bustadtomter som er utlagt i reguleringsplan for Skei på det nærmaste er utbygde. Som framtidig byggjeområde inngår også den del av 32/1 og 29/1 som i reguleringsplan for Bismo sentrum er regulert til landbruksformål

På arealplankartet er det tegna inn areal for eksisterande bustadområde og som ikkje blir omfatta av reguleringsplan. For desse områda skal gjelde følgjande krav til utbyggingsvolum (PBL § 11-9 nr. 5):

Bustader kan oppførast med samla areal inntil T-BRA= 200 m² og inntil T-BRA= 100 m² for garasje/uthus. Garasje/uthus skal stå i stil med bustadhus både når det gjeld byggjeskikk og volum.

1.2 Erverv

Det er sett av areal til erverv. Disse områda omfattar forretningar, kontor, handverksverksemd, servicebedrifter og reiselivsverksemd. Disse områda er ikkje meint for lagerlokale eller typiske produksjonsbedrifter.

1.3 Industri og lager.

Det er avsett område for industriverksemd og lager. Nye næringsområde er N01 (Felodden) og N02 (Lund).

1.4 Fritidsbustader.

Det er avsett område som er regulert til eller kan regulerast til fritidsbustader.

Følgjande arealbruksreglar skal gjelde (PBL § 11-9 nr. 5):

- Fritidsbustader kan oppførast med samla areal inntil T-BRA= 125 m². I tillegg kan det byggjast inntil 40% terrasse av arealet ovanfor eller maks 40 m². Fritidsbustader som ligg i område som er omfatta av reguleringsplan for Grotli (planid. 51300023) og den del av reguleringsplan for Billingen (planid. 51300024) som ligg nord for rv. 15 kan oppførast med samla areal inntil T-BRA=155 m². I tillegg kan det byggjast inntil 40% terrasse av arealet ovanfor eller maks 40 m².*
- Krav til utforming av tomt og bygningar skal gå fram av reguleringsplan. Desse krava skal være i tråd med føresegnene i kommuneplanens arealdel.*

1.6 Offentlege føremål

Det er avsett område for offentlege føremål. Offentlege føremål omfattar mellom anna skular, sjukeheim, kyrkjer, offentlig administrasjon og kommunalteknisk verksemd.

1.7 Råstoffutvinning

I Skjåk omfattar desse områda i all hovudsak sand- og grustak.

Før det blir opna nye massetak på mineralske råstoff eller eksisterande masseuttak vert vesentleg utvida, skal det godkjennast reguleringsplan for området, jfr. Pbl § 11-9 nr. 1.

Detaljreguleringsplan skal ha føresegnar om omfang, uttaksretning, evt. etappevis drift og deponier.

Alle massetak med uttak over 500 m³ skal meldast Dirketoratet for mineralforvaltning, som kan krevje driftsplan før uttak vert igangsett, jf. Minerallovas § 42.

Alle masseuttak med samla uttak større enn 10.000 m³ krev driftskonsesjon frå Direktoratet for mineralforvaltning. Dette inneber også driftsplan som skal godkjennast av direktoratet.

Masseuttak i samband med bygging og vedlikehald av landbruksveger kan behandlast etter landbruksvegforskrifta.

På plankartet er desse områda for råstoffutvinning teikna inn:

Grusuttak ved Framruste (tunnelmasse), ligg i regulert område (planid. 5130017)

Grusuttak på Flatmoen, ligg i regulert område (planid. 5130010)

Eksisterande grusuttak, Kjæstadgruve, uregulert.

Eksisterande grusuttak, Høghaugen ved Aura, uregulert.

Desse uttaka vil dekke alminneleg forbruk i kommunen i meir enn 20 år. Dersom det blir stort behov for grus, t.d. til rv. 15 bør det vurderast uttak frå tunneltipp ved Øyberget som ligg i reguleringsplan for Øyberget (planid. 5130019).

2 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR – PBL § 11-7 NR. 2.

Viktige ledd i kommunikasjonssystemet er synleggjort på plankartet og skal vektleggjast ved etablering av nye byggjeområde og bruk av areal. Viktige ledd i kommunikasjonssystemet er:

- Hovudveg (RV 15)
- Samleveg (Fylkesvegar og nokre viktige kommunale vegar)
- Tilkomstveg (Kommunale vegar og nokre viktige private vegar)
- Parkeringsareal
- Gang- og sykkelveg
- Sykkelstig Billingsdalen
- Turløyper
- 132 KV overføringsline Framruste - Vågåmo

På grunn av målestokken arealplanen og delplanane skal presenterast i er det berre unntaksvis lagt inn trafikkområde som arealbruksområde. Unntaket er nokre sentrale parkeringsplassar på delplanane. Kommunikasjonsmønsteret blir i staden presentert ved hjelp av linjer og punktsymbol.

Føresegner for haldningsklasser til avkjørsler PBL § 11-10 nr. 4.

For riks- og fylkesvegar gjeld rammeplan for avkjørsler, fastsett av statens vegvesen

Ved vurdering av nye avkjørsler til offentleg ved skal rammeplan for avkjørsler leggjast til grunn. Følgjande haldningsklasser skal nyttast:

A= Svært streng haldning. B= Streng haldning

C= Mindre streng haldning D= Lite streng haldning

Haldningsklasse A: Riksveg 15

Haldningsklasse D: Fylkesveg 483 Lom grense – Vollungs bru

Fylkesveg 484 Vollungs bru – Skamsar bru

Fylkesveg 485 Skamsar bru – Dønfoss

Rekkefølgekrev til utbygging av gang- og sykkelvegar og sykkelstiger PBL § 11-9 nr. 4.

Gang- og sykkelvegar skal ikkje byggjast ut før desse inngår i godkjent reguleringsplan.

Sykkelstig gjennom Billingsdalen kan byggjast ut i samsvar med forskrift for landbruksvegar. Før utbygging kan starte, skal kulturminnemyndigheitene godkjenne vegtraseen.

3. GRØNSTRUKTUR PBL § 11-7 NR. 3

Det er avsett areal som friområde. Dette gjeld i fyste rekkje friområde i tilknytning til bustadfelt. Leikeplassar, parkanlegg/turvegdrag og idrettsplassar kjem under kategorien friområde.

Her kan det oppførast leikeutstyr, enkle turvegar og mindre bygningar utan krav til reguleringsplan.

4. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (LNF) – PBL 11-7 nr. 5.

GENERELT.

Dette er areal som skal nyttast til landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF-område). Innafor desse areala er det også fleire hytter og bustader.

Miljøverndepartementets veileder ”Plan- og bygningsloven og landbruk pluss” skal leggjast til grunn i tolking om tiltak er å sjå på som landbrukstilknytte næringsvirksomheit eller ikkje.

STRUKTURRASJONALISERING I LANDBRUKET.

1. Hovedregel.

Kommunen ynskjer som hovedregel at alle bruk blir selt samla. Med hus, areal og rettar som naturleg høyrer garden til. Grunngevinga for dette har som basis busetting og kulturlandskap. Sakene skal behandlast etter jordlova og eventuelt etter plan- og bygningslova.

2. Det kan påreknast delingsløyve der deling gjev **god bruksrasjonalisering** og når:

2.1. Bruket er under grensa for buplikt (Nåverande grense for odelseigedom: 25 daa fulldyrka og/eller overflatedyrka jord eller 500 daa produktiv skog).

2.2. Husa på bruket er i svært dårleg forfatning

2.3. Arealet har vore bortleigd til anna bruk i lengre periode og er ein viktig del av driftsgrunnlaget på kjøparen sin eigedom.

Generelt gjeld at frådeling er lettare å godta i tilfelle der tunet blir fast busetnad enn ved bruk som fritidseigedom.

3. Problematikk knytta til setrer:

Denne problematikken er først og fremst ei sak mellom setereigar og Skjåk Almenning som grunneigar (i dei fleste tilfella). Dersom omgjerung til fritidsbustad medfører omdisponering av dyrka eller dyrkbar mark, må saka behandlast etter jordlova.

4. Eventuell omgjerung frå bustad til fritidseigedom må skje ut frå plan- og bygningslova (bruksendring). Behandling av eventuell delingssøknad må skje i høve til jordlova, plan- og bygningslova og føringar i kommuneplan.

5. Når det gjeld storleiken på arealet som blir fråskild og omdisponert (tunet) må dette ikkje framstå som ei urasjonell brukseining eller kunne skape vesentlege ulemper for landbruket i framtida. Det omdisponerte arealet kan vurderast i høve til kulturlandskapet, men det bør som regel ikkje vere større enn 5 daa der det er nødvendig for å få med dei aktuelle bygningane.

TURSTIGER I LNF-OMRÅDA.

For å styrke folkehelsearbeidet ynskjer kommunen ein aktiv bruk av utmarka til friluftsføremål. Dette inneber m.a. merking av stiger. Stigmerking skal i hovudsak skje etter stiger som er etablert frå før og ein bør unngå viktige viltbiotopar der det ikkje er ynskje om auka ferdsel. For å stimulere til auka bruk av stignettet kan det, etter søknad, etablerast enkle installasjonar ved turmålet på inntil 10 kvm for å gje ly.

2.1. LNF-område – PBL § 11-7 nr. 5a.

Innafor desse områda er nye tiltak som nemnt i § 20-1 bokstav a, d, k,l og m, som ikkje har tilknytning til stadbunden næring, forbode.

I LNF-området er det forbod mot oppføring og utviding av spreidd busetnad eller næringsbygg som ikkje er knytt til stadbunden næring. Kommunen vil handheve ein streng dispensasjonspraksis av omsyn til jordbruksmiljøet i området og av omsyn til nærleik til kommunalt opparbeidde bustad- og næringsområde.

Dispensasjon frå kommuneplan kan gjevast berre når vektige argument ligg til grunn. Før dispensasjonssøknaden blir behandla skal saka sendast til høyring i samsvar med PBL § 19-1.

Kommunen ynskjer å halde ei streng haldning til hytter og buer i høgfjellet.

Med buer i denne samanheng er meint tradisjonelle jakt- og fiskebuer, tilsynsbuer i primærnæringsområde m.v.

I områda som ligg over 1000 m.o.h. er det forbode å byggje på eller utvide eksisterande fritidsbustader og buer, jf. PBL § 11-11 nr. 5. Utval for plansaker kan likevel gje løyve til utbygging av eksisterande hytter/buer som er opne for allmenn bruk. Eksisterande steinbuer i fjellet skal fortsatt vera steinbuer.

I områda nedanfor skoggrensa kan det vera aktuelt med ei lempelegare haldning til utviding av eksisterande bygningar.

I desse områda er det sett maks arealgrensar på fritidseigedomane.

Utviding av eksisterande bustader og fritidshus kan skje slik jf. PBL § 11-11nr. 1:

- I samsvar med generelle føresegner avsnitt A og B

- Maks storleik(T-BRA) for fritidsbustader som i 1.4, byggeområde, og 20 kvm for buer m.v.

- Unntak for høgfjellet, jf. Føresegn ovanfor.

- Unntak i byggeforbodssoona langs vassdrag, jf generelle føresegner bokstav A.

Føresetnader for at det skal kunne gjevast løyve til utviding av eksisterande bygg er at desse ikkje ligg eksponert til i landskapet og ikkje kjem i konflikt med avstand til vassdrag og registrerte natur-, kulturlandskaps- og friluftslivsverdiar.

Utviding av fritidsbustader og buer i byggeforbodssoona skal som hovudregel ikkje tillatast. Eventuelle utvidingar må behandlast som dispensasjonssak, og skal ikkje oppførast nærmare vassdraget enn eksisterande bygning.

RETNINGSLINER FOR TILTAK SOM GJELD SKOGSHUSVÆRE, BYGNINGAR PÅ SÆTRAR OG TILSYNSBUER I FJELLET.

Spesielt for skogshusvære.

1. Bygningen skal ha preg av å vere eit skogshusvære og ikkje fritidsbygg. Bygningen skal normalt ikkje overstige 20 m², dersom det ikkje kan dokumenterast at større bygg er nødvendig. Før skogshusvære kan førast opp eller utvidast, skal det liggje føre ei landbruksfagleg uttale som tilrår tiltaket.

Bygningar på sætrar.

1. Plan- og bygningslova krev at desse bygga skal søkjast til kommunen
2. Ei sæter skal ikkje ha meir enn eit hus for opphald. Løyve til å ha fleire sæterhus kan berre gjevast ved dokumentert landbrusmessig behov.
3. Ved nybygg kan eldre hus etter søknad bli ståande, dersom det er knytt sterk verneverdi til bygningen.
4. Restaurering/tilbygg av husvære på sætrene må skje slik at det vert mest mogleg likt det opprinnelege.

Tilsynsbuer i fjellet.

1. Bygningen skal ha preg av å vere ei tilsynsbu der næringsinteresser i tilknytning til beite, tilsyn med vassvegar o.l. kjem klart fram. Standard utover dette skal unngåast. Bygningen skal normalt ikkje overstige 20 m² dersom det ikkje kan dokumenterast at større bygg er nødvendig. Før tilsynsbu kan førast opp eller utvidast, skal det liggje føre ei landbruksfagleg uttale som tilrår tiltaket.
2. Sambruk for alle som har næringsinteresser av ovannemnde karakter i området må stimulerast. Det kan bety at grunneigar også bør kunne ha tilgang til buene i utøving av oppsynsteneste o.l. Personar som startar opp aktuell næring, må få høve til å kjøpe seg inn i bua når dokumentert behov er der.

5. BRUK OG VERN AV VASSDRAG – PBL 11-7 nr 6.

5.1 Vassdrag generelt

I motsetning til landareal kan vassareal delast opp i ferdsel, farleder, fiske, akvakultur, drikkevatt, natur- og friluftsområde kvar for seg eller i kombinasjon. I kommuneplanen er verna vassdrag og vatn innan nedbørsfeltet til desse lagt ut som NF-område. Til desse områder høyrer også ein del øyer og deltaområder.

Langs vassdraga skal det avsettast kantvegetasjonsbelte (jf vannressurslovas § 11) ved nydyrking m.v. Langs hovudvassdraga Otta, Åstre, Skjøle og Tundre skal dette beltet utgjere min 15 m frå normalvasstand. Langs mindre vassdrag med årssikker vassføring skal beltet vera min 6 m.

5.2 Verna vassdrag

I Skjåk er elvane Skjøle, Tundre og Ostre med sideelvar verna etter verneplan II (1980) for vassdrag. Lora med sideelver er verna etter verneplan I (1973). Etter supplering i 2005 er også elvane Tora (m/Føysa), Glitra, Blankåe, Måråe og Åfotgrove med sideelvar verna. Desse elvene er verna mot kraftutbygging og alle bygningsmessige og anleggsmessige inngrep i elva/elveløpet, sideelvar og inntil 100 meter frå elvbreidda. Skilje mellom nedbørsfeltet til dei forskjellige vassdraga er merka på plankartet.

6. OMSYNSSONER PBL §11-8.

Kommuneplanens arealdel skal i nødvendig utstrekning vise omsyn og restriksjonar som har betydning for bruken av areal. Omsynssonene skal markerast på arealplankartet og til desse kan det knyttast retningsliner og bestemmelsar.

6.1 Sikrings-, støy- og faresoner med fareårsak eller miljørisiko, pbl §11-8 a.

Rasfare. (H310)

I plankartet er det vist områder med potensiell skredfare ("aktsomhetsområder"). I desse områda kan det ikkje plasserast utbyggingsområder utan at skredfaren er vurdert av fagfolk og evt. risikoreduserande tiltak gjennomført. For enkeltsaker i t.d. LNF-områder som ligg innafør desse områda, skal skredfaren vurderast før det blir gjeve løyve til utbygging.

Fagpersonar har i tillegg vurdert reell skredfare i ein del områder som ein av erfaring veit er skredutsett. For desse områda kan det ikkje oppførast bygningar utan at det er dokumentert og gjennomført sikringstiltak for å redusere skredfaren, jf. TEK10. Desse områda framgår i eigne utredningar for dei enkelte områda og er tilgjengeleg i Skjåk kommune.

Støyområder. (H360)

I plankartet er det tegna inn støyområder langs større offentlege veger (gul sone) og ved skytebane vest for Bismo. Innanfor desse områda må tiltak oppfylle krav frå Miljøverndepartementet i rundskriv T-1442.

6.2. Sone med særleg omsyn til landbruk, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, pbl §11-8 c.

Bevaring av naturmiljø. (H560)

Det er avsett omsynssone for botaniske verdiar ved Raudberget ved Nysetra, ulvelav mellom Billingen og Nysetra, urskog aust for Føysa og Lapprose på Bispberget. Ved Aura er det lagt inn omsynssone for bekkekløft med rik vegetasjon.

Det er lagt inn to deltaområder i vassdrag, Otta elv ved Marlo og Bråtåvatnet, der ein ynskjer å ta vare på dei kvalitetane som er i desse områda. I desse områda bør det ikkje iverksettast tiltak som forringar denne kvaliteten, t.d. nydyrking. Vedlikehald av flomverk kan utførast.

Bevaring av kulturmiljø. (H570)

Det er avsett omsynssone for å ta vare på kulturlandskapet i Bråtå, Billingen, Bruheimsgrende og på Ramstadstrond. Dette er større samanhengande kulturlandskap av spesiell karakter i regional målestokk som bør takast vare på. Nye tiltak som ikkje står i stil med eksisterande kulturlandskap kan fort verke øydeleggjande på heilskapen i kulturlandskapet og bør unngåast.

Friluftsområder. (H530)

Det er avsett omsynssoner for område ved Aura, Aursjoen, Bångråttjønn, Botn, opp for skitrekket i Grotli og i Hamsevika der friluftsliv er dominerande.

RETNINGSLINER FOR OMSYNSSONER ETTER PBL § 11-8 C.

- Det verdifulle kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturminne og kulturmiljø, biologisk verdifulle miljø, jordbruksareal, tilgjenge og den visuelle opplevinga av

landskapet blir oppretthalde som grunnlag for landbruk, kunnskap, oppleving, verdiskaping, rekreasjon og friluftsliv.

- For området som er markert med omsynssone skal alle tiltak planleggjast og vurderast ut frå eit generelt omsyn til dei registrerte verdiane i området før det blir avgjort om det omsøkte tiltaket kan gjennomførast, og kva for vilkår som evt. skal stillast til lokalisering og utforming.
- Konsekvensane av varige fysiske inngrep skal synleggjerast. Kva for dokumentasjon som skal leggjast ved søknaden vil variere avhengig av type sak, og skal avklarast med kommunen.
- Søknader og meldingar om tiltak som vil kunne få konsekvensar for kulturlandskapet skal sendast til uttale til regionale mynde eller statleg sektormynde som kan bli berørt.
- Innanfor det verdifulle kulturlandskapsområdet skal det førast ein streng dispensasjonspraksis. Alle vedtak om dispensasjon skal oversendast til berørte regionale mynde eller statlege sektormynde som vil kunne vurdere å påklage vedtaket.
- Gamle ferdsevegar skal behaldast i størst mogleg grad med dagens lineføring, kurvatur, breidde og kantvegetasjon. Der det av omsyn til trafikksikkerheit eller framkommelegheit må gjerast tiltak, bør desse gjennomførast så skånsamt som mogleg. Gamle dråger og stigar bør ryddast og tilretteleggjast for ferdsel.
- Ved planlegging av veger og anlegg for teletenester og energioverføring skal det stillast krav til estetisk kvalitet og utforming.
- Gamle vassvegar, også dei som ikkje lenger er i bruk, skal takast vare på.

6.3. Båndlagte områder, pbl § 11-8 d.

Bandlagt etter Naturmangfoldlova (H720):

- Reinheimen nasjonalpark, nasjonal forskrift 2006.11.24 nr 1302
- Ottadalen landskapsvernområde, nasjonal forskrift 2006.11.24 nr 1306
- Breheimen nasjonalpark, nasjonal forskrift 2009.08.07 nr 1064
- Mysubytta landskapsvernområde, nasjonal forskrift 2009.08.07 nr 1066
- Strynefjellet landskapsvernområde, nasjonal forskrift 2009.08.07 nr 1065
- Risheimøya naturreservat, nasjonal forskrift 1990.10.12 nr 0830
- Honnsrøve naturreservat, nasjonal forskrift 2005.06.10 nr 0578
- Furuskog i Aurmo, reguleringsplan for Aurmo II, 2000

Bandlagt etter kulturminnevernlova (H730).

Alle anlegg før 1537 er automatisk freda etter lov om kulturminne. På plankartet er dei største områda der det ligg slike kulturminne vist som bandlagt areal.

Vassforsyningsområde (H120).

Det er på plankartet vist vassforsyningsområde for drikkevatt ved Uppnose, Øyberget og Dønness vassverk fordi desse ikkje inngår i reguleringsplan.

Her kan det ikkje iverksettast tiltak som kan forringe vasskvaliteten.

6.4. Soner der gjeldande reguleringsplan fortsatt skal gjelde PBL § 11-8 f.

Desse områda er vist på plankart med planidentitet (H910 + planid.).

Punkt 1.4, Fritidsbustader, under byggjeområde gjeld framfor bestemmelsane i reguleringsplan.

Planane er vist nedanfor.

Planid	Plannavn
5130001	Reguleringsplan for Bismo
5130002	Reguleringsplan for Bismo industriområde
5130003	Reguleringsplan III for Bismo
5130004	Reguleringsplan for Aurmo
5130005	Reguleringsplan for Uppnose
5130006	Reguleringsplan for Tundramoen
5130007	Reguleringsplan for Breidablikk
5130008	Reguleringsplan for Grotli
5130009	Reguleringsplan for Bismo sentrum
5130010	Reguleringsplan for Aamodt
5130011	Reguleringsplan for Stuttgongen
5130012	Reguleringsplan for Blåbærmyra i Bismo
5130013	Reguleringsplan for Rv 15 Vollungsbru-Bismo
5130014	Reguleringsplan for Aurmo, planområde II.
5130015	Reguleringsplan for 132 kv line Framruste-Øyberget-Vågåmo
5130016	Reguleringsplan for Pollodden
5130017	Reguleringsplan for Framruste
5130018	Reguleringsplan for Heggebottvatn
5130019	Reguleringsplan for Øyberget/Dønfoss
5130020	Reguleringsplan for Skei
5130021	Reguleringsplan for Liavatn
5130022	Reguleringsplan for Bismo industriområde II
5130023	Reguleringsplan for Grotli fritidsboligområde
5130024	Reguleringsplan for Billingen Hyttegrend
5130025	Reguleringsplan for Heggjebottlia
5130026	Reguleringsplan for Flatmoen grustak
5130027	Reguleringsplan for Dønfoss

7. RETNINGSLINER FOR SAKSBEHANDLING OG DISPENSASJONSPRAKSIS

Nedanfor er det gjeve ei oversikt over korleis kommunen vil handtere søknader om dispensasjon frå vedteken arealbruk i kommuneplanen.

1. Dispensasjonshøyring.

Dersom tiltaket er i samsvar med de føresetnadar kommunen legg til grunn for at dispensasjon kan gjevast, blir saka sendt på høyring til regional eller statlig myndigheit før saka blir teken opp i kommunen. Det kan settast vilkår for dispensasjon, jfr. PBL § 19. Ved dispensasjon skal fordelane vera klart større enn ulempene.

Nedanfor følgjer opplisting av type saker som skal sendast på høyring og kva saker som ikkje treng sendast på høyring:

- 1.1. Saker der administrasjonen ikkje er innstilt på å gje dispensasjon skal ikkje sendast på høyring. Dersom det likevel er politisk vilje til å gje dispensasjon, skal søknad sendast på høyring før vedtak.
- 1.2. Alle dispensasjonssaker der det er nabomerknader blir sendt på dispensasjonshøyring. Dette med bakgrunn i at desse sakene ofte ender opp som klagesaker.
- 1.3. Saker vedr. takform og høgder blir normalt ikkje sendt på høyring, men unntak for dette er der kommunen treng råd og støtte.
- 1.4. Saker vedr. grad av utnytting blir sendt på høyring da dei er prinsipielle.
- 1.5. Saker der bruksendring er i samsvar med det framtidige planformål blir ikkje sendt på høyring. Saker som gjelder bruksendring frå fritidsformål til bustad blir ikkje sendt på høyring forutsett at saka oppfyller dei same kriterier som er gjeve i pkt. 3 (Etablering av nye bustadeigedomar og eksisterande ubebygde bustadtomter i LNF-område.) og 4 (Etablering av fritidsbustad på eksisterande ubebygd tomt.) Det same gjeld saker der det blir søkt om bruksendring fra bustad til fritidsbustad.
- 1.6. Alle saker der barn og unges interesser er berørt skal sendes på høyring, eks. frådeling av tilleggsarealer inn i friområder.
- 1.7. Alle saker som gjeld søknad om tilleggsareal til byggjeformål og som ligg i LNFområder skal på høyring.
- 1.8. Saker som gjeld søknad om tilleggsareal inn i anna byggjeområde vist på plankartet (utan krav til reguleringsplan), blir ikkje sendt på høyring såframt det ikkje gjev ein urimeleg arealutnytting.
- 1.9. Bruk av eksisterande ubebygde tomter som ligg i LNF-områder blir sendt på høyring.

2. Plankrav.

Krav til reguleringsplan kan utgå for frådeling dersom frådelinga ikkje vil skape vanskar for seinare regulerings sak. Det blir presisert at slike saker må oversendast kulturminnemyndigheitene i Oppland fylkeskommune for uttale, at dei må behandlast som dispensasjonssaker og at særlege grunner må føreliggje.

3. Etablering av nye bustadeigedomar og eksisterande ubebygde bustadtomter i LNF-områder.

Kommunens haldning til dispensasjonar når det gjeld nye bustadtomter som ligg i LNF-områder skal være restriktiv, men kan vurderast dersom føresetnadane som er nemnt nedanfor er oppfylt.

- 3.1. Avkjørselsløyve frå offentlig veg skal være gjeve.
- 3.2. Tomta skal ikkje være lokalisert i byggjeforbudssonene langs vassdrag slik dei går fram av kommuneplanen eller i nærområde (minste avstand 30m) til bekker og mindre vassdrag.
- 3.3. Tomta skal ikkje råke eller skjemme automatisk freda kulturminner. Dersom det er kjente automatisk freda kulturminne eller det er potensiale for kulturminner i nærleiken, må plasseringa av tomta vurderast i forhold til kulturminnet og søknaden skal oversendast kulturminnemyndigheitene i Oppland fylkeskommune.
- 3.4. Tomta skal ikkje råke viktige områder for biologisk mangfald herunder vilt.
- 3.5. Tomta bør ikkje råke viktige landbruksareal eller vanskeleg gjera drifta av landbruksareal (dyrka og dyrkbar mark.)
- 3.6. Vatn og avløp skal være sikra i samsvar med krava i PBL kapittel 27.
- 3.7. Bustad eller tomt skal liggje utanfor kartlagde støysoner, jfr. Støyretningslinje T-1442.
- 3.8. Bustad eller tomt skal ikkje etablerast dersom vegen mellom bustad og skule eller bustad og nærmaste busstoppestad er definert som trafikkfarleg av kommunen. (heimel i opplæringslova).
- 3.9. Tomta bør ikkje liggje i området som er lagt ut til omsynsoner i arealdelen når ei frådelling vil gå på bekostning av intensjonen med omsynssoa.

4. Etablering av fritidsbustader på eksisterande ubebygd tomt

Det skal vera dokumentert frå søkjar at tomta er lovleg frådelt etter delingslova som sjølvstendig byggjetomt for fritidsbustad (ikkje tilleggsareal).

- 4.1. Avkjørselsløyve frå offentlig veg skal være gjeve.
- 4.2. Tomta skal ikkje vera lokalisert i byggjeforbudssone langs vassdrag slik denne er definert i kommuneplanen eller i nærområde (minste avstand 30m) til bekker og mindre vassdrag.
- 4.3. Tomta skal ikkje råke eller skjemme automatisk freda kulturminner. Dersom det er kjente automatisk freda kulturminner eller er potensiale for kulturminner i nærleiken, må plasseringa av tomta vurderast i forhold til kulturminnet, og søknaden skal oversendast kulturminnemyndigheitene i Oppland fylkeskommune.
- 4.4. Tomta skal ikkje råke viktige områder for biologisk mangfald herunder vilt.
- 4.5. Tomta skal ikkje råke viktige landbruksareal eller vanskeleggjera drifta av landbruksareal (dyrka, dyrkbar merk og skogareal med god bonitet).

5. Tilbygg til eksisterande fritidsbustader i LNF-områder og i byggjeforbudssona langs vassdrag.

- 5.1. I byggjeforbudssona langs vassdrag: Søknader skal behandlast som dispensasjonssaker og høyrast av fagmyndigheitene. Tilbygget må ikkje koma nærmare vassdraget enn eksisterande bygning.

6. Bruksendring av seterhus til fritidshus.

Dette vil vera ei aktuell problemstilling dersom ein gard som har seter blir selt til ein annan gard og setra ikkje følgjer med. Dette er i utgangspunktet ei sak som skal forvaltast etter bygdealmenningslova. Sæterhus skal ikkje kunne omdisponerast til fritidsbustad, men dersom

alternativet er å rive bygningen kan kommunen gjera unntak for å oppretthalde bygningen som eit element i kulturlandskapet.

8. TEMAKART.

Det er utarbeidd 2 temakart som følgjer arealdelen.

TEMAKART RISIKO OG SÅRBARHEIT (ROS)

I dette temakartet er det vist følgjande:

- Område med flomfare. Det er ikkje utarbeidd flomsonekart, temakartet viser kjente lokalitetar.
- Området med høgt radoninnhald. Kartet er basert på måleresultat frå bustader og det er laga soner i områder med høge verdjar.
- Skytebaneanlegg
- Høgspentanlegg. Dette er 132 KV overføringsline frå kraftstasjonane
- Ras og skredområder. Områda omfattar kartlagde områder av fagpersonar og områder det ein av erfaring veit kan vera skredutsatt (historiske hendingar).
- Område for grunnvassforsyning
- Støysone. Dette er områder langs riksveg 15 og skytebane i Nordberg.

TEMAKART FOR KULTURMINNER.

I dette temakartet er det viset kulturminner frå offisielle register (Askeladden) og SEFRAK-registeret.

I tillegg er det vist kulturminner som er registrert lokalt. I temakartet er dette delt opp i følgjande grupperingar:

- Massefangstanlegg
- Reinsgraver
- Bågåstø
- Elggraver
- Groper (kolgroper eller mindre fangstgroper)
- Kolvanger
- Tjyrumiler
- Nedlagte seterstøler
- Vatningsdammer
- Butomter

Denne registreringa har ikkje skjedd av fagfolk og tolkinga av kulturminna har skjedd i kommunen. Når desse kulturminna blir undersøkt av fagfolk, kan desse koma til andre konklusjonar.

Vassvegane frå fjellet som er spesilet for Skjåk vil bli persentert i eige temakart seinare ved fullføring av vassprosjektet frå fjell til gard.